



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

ÅRSMELDING FOR MILJØVERNAVDELINGA 1987



MILJØVERNAVDELINGA
Fylkeshusa Tlf. 072 - 58 000
6400 MOLDE



INNHOLDSFORTEGNELSE

| <u>Seksjon</u> | <u>Side</u> |
|---|-------------|
| 1. INNLEIING | 1 |
| 2. VERN MOT FORUREINING | 3 |
| 2.1 Overvaking av vatr | 3 |
| 2.2 Kommunale kloakkanlegg | 6 |
| 2.3 Kommunale reinseanlegg | 7 |
| 2.4 Kloakkutslepp frå spreidd busetnad | 7 |
| 2.5 Landbruksforureining | 8 |
| 2.6 Industri | 9 |
| 2.7 Fiskeoppdrett | 9 |
| 3. AVFALL OG GJENVINNING | 13 |
| 3.1 Kommunale avfallsanlegg | 13 |
| 3.2 Gjenvinning av avfall | 13 |
| 3.3 Biloppsamlingsplassar | 15 |
| 3.4 Spesialavfall | 15 |
| 4. STØY | 17 |
| 5. AKUTT FORUREINING | 17 |
| 6. KOMMUNALE AVGIFTER | 17 |
| 7. NATURVERN OG FRILUFTSLIV | 19 |
| 7.1 Naturvernarbeidet | 19 |
| 7.2 Ny landsplan for nasjonalparkar og større verneområde | 23 |
| 7.3 Smøla-prosjektet | 24 |
| 7.4 Truga og sårbare artar | 24 |
| 7.5 Erstatningsreglane ved vern etter naturvernlova | 26 |
| 7.6 Friluftsliv | 29 |
| 7.7 Fylkesfriluftsnevndna | 32 |

| <u>Seksjon</u> | <u>Side</u> |
|--|-------------|
| 7.8 Plansaker | 33 |
| 8. FISK | 35 |
| 8.1 Ressurs og biotopkartlegging | 36 |
| 8.2 Innlandsfisk/Innlandsfiske | 36 |
| 8.3 Laks- og sjøaureførande vassdrag | 37 |
| 8.4 Lakseparasitten <i>Gyrodactylus salaris</i> | 37 |
| 9. VILT | 39 |
| 9.1 Vern av viltet sine leveområde | 39 |
| 9.2 Viltnevndene | 39 |
| 9.3 Storviltforvalting | 39 |
| 9.4 Ålmenta sin jakttilgang | 40 |
| 9.5 Rovviltforvalting | 40 |
| 9.6 Jegeropplæring | 41 |
| 9.7 Lokale vilttiltak | 41 |
| 10. VASSDRAGSFORVALTING | 43 |
| 10.1 Samla Plan for vassdrag | 43 |
| 10.1.1 Stortingsmelding nr 63 - Stortingsmelding nr 53 | 43 |
| 10.1.2 Stortingsmelding nr 53 - Kategori I (Gruppe 1-5) | 44 |
| 10.1.3 Stortingsmelding nr 53 - Kategori II (Gruppe 6-8) | 45 |
| 10.1.4 Stortingsmelding nr 53 - Kategori III (Gruppe 9-16) | 46 |
| 10.1.5 Vidare arbeid | 46 |
| 10.2 Verneplan IV | 46 |
| 10.3 Anna verksemnd | 47 |
| 11. ADMINISTRATIVE OPPLYSNINGAR | 49 |
| 11.1 Personale | 49 |
| 11.2 Rekneskap 1987 | 50 |

1. INNLEIING

Verdenskommisjonen for miljø og utvikling (Brundtlandkommisjonen) kom i 1987 med sin rapport og tilrådingar. Rapporten "Vår felles framtid" analyserer samanhengen mellom miljø- og utviklingsproblem og set m.a. sørkelyset på faren for klimaendringar, på ozonlaget som blir redusert, på forureining og overutnytting av verdshava, på vegetasjonstap og tap av genetiske ressursar. Kommisjonens strategi er "ei berekraftig utvikling", det vil seie ei utvikling som tilfredsstiller dagens behov utan å redusere mulighetene for våre etterkomrarar. Derfor må utviklinga skje i samsvar med dei økologiske spelereglane som alt liv må innretta seg etter for å overleve. Mennesket er ikkje noko unntak. Både myndigheter, næringsliv, institusjonar og enkeltpersonar har eit ansvar for å sikre ei berekraftig utvikling. Dette gjeld internasjonalt, nasjonalt og lokalt.

"Tenkje globalt - handle lokalt!" er blitt slagordet.

For den enkelte er det ofte vanskeleg å fatte dei globale konsekvensane av dei aktivitetane vedkomande held på med eller planlegg. Det er likevel klart at mange miljøproblem etterkvert har fått eit helt anna og meir trugande omfang enn tidlegare. Det er også viktig å erkjenne at mange miljøproblem ikkje lenger kan løysast ved å avhjelpe symptoma. Ein må gå til kjeldene og hindre den eigentlege årsak til at bruk av areal og ressursar fører til skadeverknader.

Det viser seg ofte at naturområde som betyr mykje for det økologiske samspelet taper i kampen mot andre "viktige" ressursar. Naturområde blir i samband med mange planleggings- og utbyggingssaker sett på som ein "gratis" innsatsfaktor som med stor fordel kan takast i bruk til meir nyttige formål. I andre saker blir tilsvarende naturområde vurdert som "restområde" eller "udisponert område".

Heilt lokale konsekvensar kan vere viktige nok. Luftforureining, vassforureining og støy fører mange stader til store lokale ulemper. På same måten kan eksisterande eller foreslått arealbruk innebere store lokale konsekvensar når det gjeld friluftsliv og/eller naturvern. I forhold til bomiljø, oppvekstmiljø og levevilkår vil slike lokale omsyn vere viktige nok. Ved tidlege innspel vil det ofte vise seg at det ved alternativ lokalisering eller utbygging kan finnast løysingar utan same miljøkonsekvensar.

Det er derfor dobbelt viktig at ansvaret for miljøvern i mange saker blir delegert til lågast mogleg nivå, samstundes som det skjer ei besvisstgjering av enkeltpersonar/aktørar.

Forsøket med kommunalt miljøvern som det blei tatt initiativ til, og delvis staka ut kurs for i 1987, er eit ledd i slik delegering av ansvar og ønske om at miljøvernomsyn kan bli med i beslutningsprosessen så tidleg som mulig.

ÅRSMELDING 1987 MILJØVERNADDELINGA
Vern mot forureining

2. VERN MOT FORUREINING

2.1 Overvaking av vatn

Forureiningssituasjonen i Møre og Romsdal er prega av at kysten og fjordane omslynger mesteparten av dei lågtiliggjande område der det er menneskeleg aktivitet. Fjordane er vanlegvis så store, eller har så gode straum- og utskiftingsforhold at det ikkje er forureiningsmessige problem. Men enkelte fjordar har tersklar som reduserer utskiftinga så mykje at det oppstår stagnerande botnvatn.

Vassdraga i fylket er vanlegvis små. Av dei store vassdraga er spesielt Surna påverka av forureining. Mange små elvar og bekkar i område med konsentrert landbruksverksemd er forureina i meir eller mindre grad.

Møre og Romsdal er frå og med 1984 utsett som eitt av fire prøvefylke for overvaking av vassdrag og fjordar. I samband med dette har fylkesmannen utarbeidd eit program for overvaking i Møre og Romsdal for tidsrommet 1984-88. Programmet dekkjer meir omfattande granskningar (tiltaksorientert overvaking), enkel overvaking og granskningar av meir generell karakter. Det ligg føre ein samlerapport om alle utførte granskningar i fylket i tidsrommet 1983-85, og rapport for tidsrommet 1986-88 vil bli utarbeidd i 1988.

Følgjande granskningar blei gjennomført i 1987 i Møre og Romsdal:

Hendvika/Langøysundet m.v. i Averøy kommune: Det er gjennomført granskningar i regi av Institutt for Marinbiologi ved Univ. i Bergen og av Fiskeridirektoratets Havforskningsinstitutt. Granskingane viser at det truleg er kritiske oksygentilhøve i periodar i djupvatnet i områda Ekkilsøyvika, Hendøyosen/Hendvika og i Sundsfjorden. I desse områda er det i tillegg påvist fattige botndyrsamfunn. I områda Langøysundet/Ellingvågen, Sveggevika og området mellom Kjønnøya, Ramsøya og Ekkilsøya er det tilsvarande registrert gode oksygen- og utskiftingstilhøve og rike botndyrsamfunn. Det er vidare utført straummålingar i Langøysundet som viser at ein ikkje har nokon markert nettostraum vestover eller austover i dette området.

Forprosjekt fjordforbetring Ørstafjorden: Det er gjennomført ei vurdering av firma Oceanor A/S om tiltak for å betre utskiftinga av djupvatn i Ørstafjorden. Aktuelle tiltak er utslepp av ferskvatn på stort djup, pumping av overflatevatn ned på djupet samt pumping av komprimert luft ned på djupet. Anleggskostnader for dei tre løysingane er estimert til frå omlag 4 mill. kr. til omlag 10 mill. kr., og driftskostnadene varierer opp til 4 mill. kr. pr. år. Ut frå rapporten er det usikkert kor stor effekt dei einskilde tiltaka vil ha på kvaliteten av djupvatnet/forureiningssituasjonen, og iverksetting av eventuelle tiltak vil medføre behov for oppfølging i form av granskningar.

Maringeologisk kartlegging: Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) har gjennomført kartlegging av lausmassar i Ørstafjorden ved hjelp av div. seismiske metodar. Det er framstilt ein del kart som viser art og tjukkleik av lausmasseavsetningane i fjorden. Det er og i

samband med kartlegginga av lausmassane utført ein del prøvetaking av botnmateriale i form av kjerneprøver som sidan kan bli analysert og evt. aldersbestemt. Dei karta som er framstilt til no har allmenn interesse når det gjeld avsetninga av lausmassar. Dersom det blir aktuelt å gå inn med analyse av borekjernene, vil dei maringeologiske karta representere verdfull tilleggsinformasjon når det gjeld tolking av resultat.

Granskninga av Sunndalsfjorden blei oppstarta seint i 1986. Det ligg no føre resultat frå karakterisering og analyse av sediment og botndyr i fjorden. Resultata frå dette arbeidet viser at innhaldet av tjærestoff (PAH) i sediment er frå 2500 gonger normale bakgrunnsverdiar inst i fjorden og ned til 10 gonger ytst i fjorden (overgangen til Bergsøyfjorden). Kjem ein eit stykke frå aluminiumsverket/Sunndalsøra sentrum, er ikkje botnfaunaen spesielt påverka av forureining. Eit unnatak er området ved tidlegare Rausand gruver der høgt kopparinhald i sedimentet fører til redusert artsmangfald i botnfaunaen.

Granskningar av typen enkel overvaking blei i 1987 gjennomført i områda Holmefjorden i Herøy kommune, Rødvenfjorden/Hamrevågen i Rauma, Soleimsundet og Imarsundet i Tustna/Aure og Torsetsundet/Årvågfjorden og Dromnessundet i Aure kommune. Denne typen overvaking gir signal om i kva grad områda har därlege utskiftingstilhøve og om områda er vesentleg påverka av/utsett for forureining. Av desse områda er det berre Hamrevågen som har så därlege utskiftingstilhøve at oksygeninnhaldet blir kritisk i periodar. Både Holmefjorden, inste delen av Rødvenfjorden, Årvågfjorden og Dromnessundet har eller kan få därlege oksygennivå i djupvatnet i periodar. Ein kan imidlertid ikkje sette likheitsteikn mellom därleg oksygeninnhald og evt. stor sivilisatorisk betinga forureiningspåverknad.

I tabell 1 er det vist dei fjordane i Møre og Romsdal der det er påvist reduserte oksygeninnhald i djupvatnet i periodar.

Tabell 1. Oversikt over fjordar med reduserte oksygenverdiar i djupvatnet.

| Fjord | Karakteristikk | Utført av | År |
|-------------------|----------------|---------------------|---------|
| Kjødepollen | dårleg | Havforskningsinst. | 1980 |
| | dårleg | Fylkesmannen | 1984/85 |
| Syltefjorden | kritisk | Havforskningsinst. | 1980 |
| | dårleg | Fylkesmannen | 1984/85 |
| Syvdsfjorden | dårleg | Havforskningsinst | 1978 |
| | kritisk | Fylkesmannen | 1981/82 |
| Austefjorden | kritisk | Fylkesmannen | 1982/83 |
| Kilspollen | kritisk | Fylkesmannen | 1982 |
| Ørstafjorden | dårleg | NIVA | 1974 |
| | kritisk | Volda Lærarhøgskule | 1977-81 |
| | dårleg | Fylkesmannen | 1983 |
| Bjørkevika | kritisk | Fylkesmannen | 1983/84 |
| Norangsfjorden | kritisk | Fylkesmannen | 1983/84 |
| Dragsfjorden m.v. | kritisk | Fylkesmannen | 1981/82 |
| | kritisk | NIVA | 1984/85 |
| Holmefjorden | dårleg | Fylkesmannen | 1985/87 |
| Borgundfjorden | kritisk | NIVA | 1976-77 |
| | | | 1980-82 |
| Vatnefjorden | dårleg | Fylkesmannen | 1983/84 |
| Skodjevika | dårleg | Fylkesmannen | 1981/82 |
| Hamrevågen | kritisk | Fylkesmannen | 1987 |
| Rødvenfjorden | dårleg | Fylkesmannen | 1987 |
| Flatevågen | kritisk | Fylkesmannen | 1982/83 |
| Moldefjorden/ | | NIVA | 1971/72 |
| Fannefjorden | kritisk | Molde kommune | 1981/84 |
| Syltefjorden/ | | | |
| Malmefjorden | dårleg | Fylkesmannen | 1981/82 |
| Nekstadfjorden/ | | | |
| Sundsfjorden/ | kritisk | Fylkesmannen | 1984/85 |
| Ekkilsøyvika | kritisk | Univ. i Bergen | 1985/86 |
| Åsskardfjorden | dårleg | Fylkesmannen | 1984/85 |
| Hamnesfjorden | dårleg | Fylkesmannen | 1984/85 |
| Skålvikfjorden | kritisk | Fylkesmannen | 1981-83 |
| Valsøyfjorden | kritisk | Fylkesmannen | 1981-85 |
| Foldfjorden | kritisk | Fylkesmannen | 1983/84 |
| Mjosundet | kritisk | Fylkesmannen | 1984 |
| Årvågfjorden | dårleg | Fylkesmannen | 1985 |
| Torsetsundet | dårleg | Fylkesmannen | 1987 |

Karakteristikken er basert på inndelinga frå NIVA etter oksygeninnhold: 0-3 mg O₂/l = kritisk, 3-5 mg O₂/l = dårleg. (O₂/l = Oksygen pr liter).

Avdelinga arbeider med å opprette EDB-register for alle data om hydrografi/ hydrokjemi frå dei nemnde granskingane i Møre og Romsdal. Dette registeret vil representere ei drastisk betring når det gjeld å gjere desse data tilgjengelege for ymse formål.

Arbeidsinnsatsen innafor overvakning, opplegg av register m.v. frå faste tilsette og engasjert personell er for 1987 estimert til om lag 4 månadsverk.

2.2 Kommunale kloakkanlegg

Utbygging av kommunale kloakkar går seint. Utbyggingstakta må aukaast dersom det program som er lagt opp frå sentralt hald skal kunne følgjast. I 1987 blei det gitt lån (kr 4.090.000) og tilskott (kr 1.200.000) til oppryddingsprosjekt, med ei kostnadsramme på til saman kr 8.109.000. I tillegg kjem prosjekt som er finansierte lokalt eller over kvoter for grunnlagsinvesteringar eller tomtek-niske arbeid.

Det er framleis få kommunar som har utarbeidd fullgode kloakkramme-planar som både viser langsiktige løysingar og investeringsprogram for dei nærmeste åra. Fylkesmannen legg stadig meir vekt på at det ligg føre slike planar når det skal gjevast utsleppsløyve etter forureiningslova, og ved behandling av låne- og tilskottssøknadar. Kommunane treng sjølv slike planer for å ha eit skikkeleg grunnlag for langtids- og årsbudsjett, samt oversiktsplanlegging etter plan-og bygningslova.

Oppgåver i samband med utsleppssøknader, behandling av oversiks-planar etter plan- og bygningslova, vurdering av kommunale låne- og tilskottsaker, avgifter og budsjett, representerer fortsatt størst arbeidsoppgåve. Kommunane er fordelt mellom saksbehandlarane slik at same person behandler dei fleste meir generelle saker i sine kommunar.

Arbeidsinnsatsen i 1987 er rekna til 14 månadsverk.

Tabell 2. Lån og tilskott til kommunale oppryddingstiltak 1987

| KOMMUNE | PROSJEKT | KOSTNAD | LÅN | TILSKOTT |
|-----------|---|--------------------|-----------|-----------|
| Ålesund | Sluttetappe Bruholmen/ Skutvikskaret | 3.300.000 | 1.500.000 | 500.000 |
| Sula | Sanering/sep. Fyllingen- Langevåg | 1.800.000 | 980.000 | 280.000 |
| Skodje | Sanering Skodje sentrum | 500.000 | 270.000 | 80.000 |
| Rauma | I Øran II Avskj.kloakk til søppelpl. 1. etappe | 452.000 300.000 | 420.000 | 100.000 |
| Frei | Slamlaguner Daumannshaugen | 500.000 | 270.000 | 80.000 |
| Ulstein | Osnessanden/ Vollane | 440.000 | 250.000 | 60.000 |
| Herøy | Sanering Kleiva-Fosnavåg | 817.000 | 400.000 | 100.000 |
| Til saman | | 8.109.000 | 4.090.000 | 1.200.000 |

2.3 Kommunale reinseanlegg

Alle byar og større tettstader i Møre og Romsdal ligg i tilknyting til sjø, unntatt Rindal. Til no har det generelt vore eit krav om berre enkel reining av utslepp til sjøen, samt djupføring av utsleppa. For utslepp til vassdrag er det nødvendig med høggradig reining. I ein skilde utsette fjordområde vil det og vere aktuelt med høggradig reining. Enkel reining vil innebere (felles) slammavskillar for små utslepp, silanlegg for større utslepp. Ut frå utviklinga den siste tida med algevekst i Nordsjøen m.v. vil det truleg bli aktuelt å diskutere på nytt dei reinsekrava som er sett som rettleiing frå Miljøverndepartementet så tidleg som i 1974.

I 1987 er det ikkje bygd eller tatt i bruk nye høggradige renseanlegg i Møre og Romsdal for kommunal kloakk.

Tabell 4. Større kloakkrenseanlegg i Møre og Romsdal.

| Kommune | Anlegg | Type reining |
|----------|-------------------|-------------------|
| Rindal | Rindal reinseanl. | Biologisk/kjemisk |
| Fræna | Farstad | Biologisk |
| Gjemnes | Heggem | Biologisk |
| Ålesund | Åse Breivika | Biologisk Sil |
| Tingvoll | Tingvollvågen | Sil |

Silanlegg fjernar partiklar og slam over ein viss storleik som kan føre til lokale ulemper ved urensa utslepp. Reinseeffekt for fosfor og organisk stoff er liten.

Det har i 1987 ikkje vore mogleg å avsette tid til besøk på reinseanlegga på grunn av arbeidssituasjonen i avdelinga.

2.4 Kloakkutslepp frå spreidd busetnad

Forskrift om separate avløpsanlegg er gitt i medhald av Forureningslova og omfatter alle separate utslepp, og dei som går til sjøen. Mynde til å gi utsleppsløyve etter forskrifta er generelt delegert til kommunen. Når det gjeld separate utslepp i tettbygde strøk, må det ligge føre særlege grunnar for at kommunen kan gi utsleppsløyve.

Fylkesmannen er klageinstans når det gjeld vedtak som er gjort i medhald av forskrifta og kan elles vedta forskrifter som avgrensar eller utvider kommunen sitt mynde i ein skildsaker.

Forskrifta legg ikkje opp til at det skal følgjast noko lempelagare praksis i forhold til tidlegare når det gjeld å gi utsleppsløyve basert på separate avløpsløysingar. Forskrifta inneheld vidare nødvendig heimel for kommunen til å gå inn i eksisterande bebyggelse og krevje tiltak for å rydde opp i forureining som skuldast util-

strekkeleg reinsing m.v.

Fylkesmannen behandlar ein del saker som gjeld separate kloakkanlegg, både når det gjeld fråvik frå reinsekrav, og løysingar innafor tettbygd strøk. Det er òg ein del klagesaker til behandling.

Arbeidsinnsatsen er i 1987 rekna til 1 månadsverk.

2.5 Landbruksforureining

Frå 1980 har det kvart år vore gjennomført omfattande silokontroll på om lag 500 gardsbruk i Møre og Romsdal. Det har vore påvist ulovlege utslepp av pressaft fra 35-50 % av bruken dei enkelte åra, medan omlag 2 av 3 brukarar har fått pålegg om å gjennomføre utbetringar av anlegga sine. Det har vore liten endring av desse forholdstala. Grunnen til dette er truleg at ein vesentleg del av kontrollen er gjennomført i stadig nye område, samt at dei tekniske løysingane for silo- og pressaftanlegg er sårbare for lekkasjar og uhell. Inntrykket i område som tidlegare er blitt kontrollert er at forholda er blitt vesentleg betre, og ikkje minst er utsleppa blitt mindre (i omfang).

Dei manglane som ofta går igjen er lekkasjer frå siloar og gjødsellager. Dessutan er det ofte manglar ved drifta av anlegga når det gjeld montering og tilsyn med pumper. Hovudinntrykket er at anlegga har innebygd for liten tryggleik mot uhell. Det burde i større grad vere satsa på løysingar der pressafta blir samla opp ved sjølvfall til tett gjødsellager/mellomlager eller eventuelt i siloen.

I silosesongen 1987 vart det engasjert 2 personar som ekstrahjelp (5 månadsverk). 626 bruk blei kontrollerte. 410 gardbrukarar fekk brev med pålegg og merknader. Av dei vart det knytt forureiningsgebyr til 32 pålegg. 6 gardbrukarar vart meldt til politiet.

Møre og Romsdal har no for fullt teke i bruk av EDB når det gjeld registrering av resultat og oppfølging av silokontrollen. Det blir utarbeidd eigen rapport med meir detaljerte data og vurderingar for silokontrollen 1987.

Det er òg i mindre grad foretatt spesielt tilsyn etter "Forskrifter om lagring og sprengning av husdyrgjødsel". Ein gardbrukar er meldt til politiet for brot på forskriftene. Fem svinefarmar med direkte utslepp av gjødsela til sjøen har fått varsel om at dette vil bli kravd avvikla.

I samband med ei spesiell tilskottssordning under Landbruksdepartementet sitt budsjett til utbetring av gjødsellager, er det fastsett tidsfristar for gjennomføring av tiltak. 59 gardsbruk fullførte spesielle utbetringar på gjødsellager med finansiering etter denne ordninga. Totalt vart det gjennomført utbetringar for 5,1 mill. kr. Ordninga gjeld primært følgande vassdrag som er prioriterte frå fylkesmannen:

Batnfjordselva
Bondalselva
Eidsdalselva
Farstadvassdraget

Hustadvassdraget
Nåsvassdraget
Surna
Valldøla
Velledalsvassdraget
Ørstavassdraget.

Fylkesmannen vurderte etablering av 10-12 nye pelsdyrfarmar.

Fylkesmannen avgjorde 25 søknader om frigiing av skattefrie fonds-avsetninga til utbetring av gjødsel- og siloanlegg m.v. på gardsbruk.

Fylkesmannen har teke aktivt del i arbeidet i informasjonsutvalet mot landbruksforureining i Møre og Romsdal i samband med den landsomfattande handlingsplanen mot landbruksforureining.

Vi har vore representerte på omlag 10 møte om landbruksforureining, m.a. på landbruksveka i Molde, og vi har halde gjesteforelesing på jordbrukskolen i fylket.

I samband med dette arbeidet har det gått med mykje tid til å halde kontakt med publikum, då interessa for feltet har teke seg kraftig opp generelt.

Arbeidet mot landbruksforureining kravde 5 månadsverk frå dei fast tilsette. Medrekna ekstrahjelp blir innsatsen til sammen 10 månadsverk.

2.6 Industri

Statens forureiningstilsyn er generelt konsesjonsmyndigkeit for utslepp til vatn og luft, samt støy. Industrien er blitt behandla bransjevis og det er fastsett standardkrav for dei fleste industriverksemder med store utslepp. Ein del forureinande bransjar står att, m.a. vaskeri og renseri.

Fylkesmannen er forureiningsmyndigkeit og behandler utsleppssøknad er frå fiskeforedlingsbedrifter og fiskeoppdrett. I 1987 blei tatt opp til behandling 6 søknader som gjaldt nye anlegg, evt. utviding av eksisterande anlegg.

Fylkesmannen får i tillegg til dette ei rad spørsmål frå ulike industriverksemder, frå kommunar og frå publikum når det gjeld forureining frå industri og spørsmål om utsleppsløyve. Avdelinga fungerer på mange måtar som eit bindeledd og informasjonsorgan for desse sakene mellom SFT og den einskilde som vender seg hit, i tillegg til dei oppgåvane som fylkesmannen har i eigenskap av høyningsinstans for industriutsleppssaker.

Arbeidsinnsatsen blir rekna til 1 månadsverk.

2.7 Fiskeoppdrett

I Møre og Romsdal var det pr. 31.12.1987 gitt konsesjon for 725.000 m³ merdvolum for oppdrett av laks og regnbogeaure, fordelt på 95 anlegg. Det var gitt konsesjon for produksjon av i alt 27,9 mill. settefisk av laks og aure, fordelt på 78 anlegg. Vidare var det

gjeve konsesjon for 14 kveiteanlegg, 11 torskeanlegg og 5 anlegg for andre artar.

Konsesjon for matfiskoppdrett og stamfiskanlegg blir gitt av Fiskeridirektorat, medan Fiskerisjefen gjev konsesjon til settefiskanlegg og matfiskanlegg for naturleg forekommande marine artar.

Frå 01.03.1986 treng alle nye fiskeoppdrettsanlegg utsleppsløyve etter Forureiningslova, og mynde i desse sakene er delegert fylkesmannen. Dette har medført ein kraftig auke i arbeidsmengda for fylkesmannen i høve til situasjonen før 01.03.86. Då ga fylkesmannen kun ei fråsegn til Statens Forureiningstilsyn om desse sakene.

I 1987 behandla Fylkesmannen 119 søknader om konsesjon for nyetablering, utviding eller flytting av matfisk- og settefiskanlegg. 9 av desse er avslått pga. fare for forureining. 17 av sakene er frårådd då det medfører umeippe for andre naturfagleg interesser. I tillegg blei det vurdert ein del lokalitetar for oppdrett på pressøknad-stadium etter kontakt frå einskildpersonar og div. verksemder. Det har også gjennom heile året komme ein jamn straum av telefonoppringingar om desse sakene, noko som krev mykje tid for dei tilsette i avdelinga. Den pressa arbeidssituasjonen har medført at omlag 60 saker ikkje er ferdigbehandla av Fylkesmannen.

Ein del konsesjonar er gitt på vilkår av at det etter avtale med fylkesmannen blir sett i gong eit overvakningsprogram for vasskvaliteten i det aktuelle området.

Ein del av søknadane om etablering av settefiskanlegg er mangelfulle, og særleg er utgreiingane om vasstilgangen ufullstendige. Dette vert påpeikt frå planavdelinga i fylkeskommunen, og fører i ein del tilfelle til at vi må foreta synfaringar og andre granskningar. Ein del av søknadane er av ein slik art at vassuttaket førte til konflikt med allmenne interesser, og vi har tilrådd at 9 saker må behandles etter vassdragsloven.

Fylkesmannen utarbeidde i 1983 eit kart som viste kva område som var lite eigna for fiskeoppdrett. Det har komme ein god del reaksjonar på dette kartet. Vi har imidlertid røynsle for at kartet har hatt ein gunstig verknad som informasjon, idet det etterpå i liten grad er blitt søkt om å få godkjent anlegg på stader der det må reknast med spesielle forureiningsproblem, evt. spesiell fare for slike problem.

Frå fylkeskommunen er det teke initiativ til å gå nærmare inn på dei områda i fylket som er mindre eigna for oppdrett, i form av ei spesiell gransking. Feltarbeidet er gjennomført i 1987. Uansett utfallet av denne granskninga vil det vere av stor verdi generelt å få betre kjennskap til og meir data om forureiningssituasjonen og naturgitte tilhøve i fjordar og kystnære farvatn ut over det vi i dag sit inne med.

I 1987 gjennomførte fylkesmannen kontroll på ein del settefiskanlegg, og kun 3 av 11 hadde ordna avløpet etter utsleppsløyvet. Også på anlegg med eldre konsesjonar var forholda mangelfulle i høve til dei krava som var sett i konsesjonane. Det vart også registrert at mange matfiskanlegg hadde for stort volum i høve til konsesjonen. Vi oppdaga også 9 anlegg i varierande omfang som dreiv utan konseksjon. Alt dette vart teke opp med Fiskerisjefen i eit brev der vi understreka behovet for oppfølging av anlegga.

Fylkesmannen har pålagt 11 anlegg om å tilpasse drifta etter utsleppsløyvet, og det er nytta forureiningsgebyr i 6 av sakene. To settefiskanlegg er meldt til politiet for grove brot på utsleppsløyva.

Desse røynslene gjer at fylkesmannen i framtida må prioritere kontroll av anlegg i større grad enn no.

Arbeidsinnsatsen er rekna til omlag 10 månadsverk.

ÅRSMELDING 1987 MILJØVERNADDELINGA
Avfall og gjenvinning

3. AVFALL OG GJENVINNING

3.1 Kommunale avfallsanlegg

Alle kommunane i fylket har ei eller anna form for renovasjonsordning. Desse kan vere ulike både når det gjeld innsamling og behandling. I dei fleste kommunane er det obligatorisk å delta i renovasjonsordninga, i andre er det obligatorisk i dei mest sentrale delane av kommunen og i nokre få kommunar har det til no vore ei frivillig ordning. § 30 i Forureiningslova føresett at det etter 1. januar 1985 skal vere obligatorisk renovasjonsordning som minst omfattar tettstadene i kommunane.

Behandling og deponering av avfallet skjer i fyllingar eller ved forbrenningsanlegg.

Interkommunale løysingar har i dei fleste tilfelle vist seg økonomisk fordelaktige og derfor interessante i kommunal sammanheng. Reint fagleg er det og sterke syn for å etablere interkommunale selskap etter kommunelova. På den måten vil det vere eit godt grunnlag til å organisere og drive all innsamling og behandling av alt avfall på den beste måten.

I 1987 blei avfallsforbrenningsanlegget til Tafjord Kraftselskap på Grautneset i Ålesund teke i bruk. Anlegget er dimensjonert for ei avfallsmengde på 35.000 tonn pr. år og er utstyrt med varmegjenvinning for leveranse til fylkessjukehuset i Ålesund m.v. Alt forbruksavfall frå kommunane Ålesund, Sula, Giske, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal og Stranda blir i dag tilført dette anlegget. I tillegg blir det og levert ein del produksjonsavfall.

Vestnes Renovasjon A/S som er eit privat selskap starta i 1987 mottak av avfall på fyllinga i Øveråslia i Vestnes kommune. Dette avfallsanlegget dekkjer Vestnes kommune som geografisk område.

Dei etablerte avfallsfyllingane og forbrenningsanlegga dekkjer stort sett behovet for behandling av forbruksavfall og visse typer av produksjonsavfall i fylket. Fleire av anlegga medfører imidlertid store problem med forureining av forskjellige slag i dei einskilde aktuelle områda. Når det gjeld andre typer av produksjonsavfall som bygningsavfall m.v. mangler mange av kommunane eit tilfredsstillande deponi for dette.

Fylkesmannen er delegert mynde til å gi løyve til etablering og drift av avfallsfyllingar, samt til å føre tilsyn med slike anlegg. Arbeidsinnsatsen i 1987 er rekna til 1 månadsverk.

3.2 Gjenvinning av avfall

Miljøverndepartementet har utarbeidd handlingsplan for gjenvinning av avfall. Avfallstyper det er særleg aktuelt å gjenvinne, er papir, matavfall, metaller, glass, plast og bildekks.

I Møre og Romsdal er det idag ein del bedrifter som nyttar eller gjenvinn tradisjonelle avfallsstoff, men det har ikkje blitt noko

nye prosjekt i samband med handlingsplanen. I 1987 fekk innsamling av papp og papir ein oppsving i fylket. Fleire firma har etablert seg i dette markedet etter at Ranheim fabrikker har auka kapasitet på mottak av returpapir i sin produksjon.

Avfall frå fiskeoppdrett (daudfisk og slakteavfall) utgjer eit aukande problem. Fylkesmannen har sett i gang eit prosjekt med tanke på å finne ei løysning for dette der ein primært tek sikte på å gjenvinne så mykje som råd til m.a. pelsdyrfør.

Arbeidsinnsats er rekna til 1 månadsverk.

3.3 Biloppsamlingsplassar

Pr 31.12.87 var det følgjande biloppsamlingsplassar i Møre og Romsdal:

| Firma | Stad | Bilvrak innsamla (1986) | 1987 |
|--|-------------------|----------------------------|------|
| Eiksund Gjenvinning A/S | 6170 Vartdal | (1011) | 833 |
| G. Eilertsen A/S | 6060 Hareid | (1186) | 1061 |
| A/S Vestlandske Bil- og Skipssoppfugging | 6060 Hareid | () | 163 |
| Simonsen A/S / Midt-Norsk Maskinoppfugging) | 6400 Molde | (972) | 771 |
| A/S Jema | 6500 Kristiansund | (656) | 645 |
| American Car Club Sunndalsøra | 6600 Sunndalsøra | (190) | 216 |
| Sum (mottatte vrakmeldingar til Toll-og avg.dir.) | (4015) | 3689 | |

) Midt-Norsk Maskinoppfugging overtok løyvet pr. 22.12.1987.

Innsamla vrakmengde har gått noko ned i høve til 1986. Tal for 1986 står i parantes.

Arbeidsinnsats i 1984 er rekna til 1/2 månadsverk.

3.4 Spesialavfall

Miljøverndepartementet fastsette i 1984 "Forskrifter om leveringsplikt, innsamling, mottak og behandling/disponering av visse grupper spesialavfall". I tråd med dette er det under utvikling eit landsomfattande system for spesialavfall som vil omfatte ein del sentrale behandlingsanlegg og regionale/lokale oppsamlingsplassar. I Møre og Romsdal er det førebels planlagt ein oppsamlingsplass i Ålesund.

I 1985 la Statens forureiningstilsyn fram plan for korleis oppsamlingsystemet for spesialavfall skulle etablerast på nasjonalt/regionalt nivå. Det blei foreslått etablert 7 regionar med ein regionansvarleg som skulle stå for koordinering av arbeidet innafor det enkelte området. Trondheim kommune/ Renholdsverket er regionansvarleg for Møre og Romsdal og Trøndelagfylka. Denne ordninga vil fortsette ut 1988.

Det er inngått kontrakt med 2 firma som er godkjende som innsamlarar av slikt spesialavfall som er omfatta av spesialavfall-forskrifta.

Desse er:

Miljørens A/S, 6023 Emleim
Brødr. Haugen, 6030 Langevåg

Desse 2 firma har enerett på innsamling av spesialavfall i Møre og Romsdal.

4. STØY

Ved rundskriv T-1/86 fra Miljøverndepartementet blei fylkesmannen delegert myndighet som statleg fagmyndighet for støy i samband med planer etter Plan- og bygningslova og Veglova. Fylkesmannen sitt ansvar omfattar vegtrafikkstøy, flystøy, jernbanestøy, skytebane-støy, industristøy og støy frå andre kjelder som inngår i arealplaner. Dette inneber at alle kommune-, regulerings- og vegplanar må vurderast om det kan vere støyproblem, og om det i tilfelle er gjennomført dei vurderingar og evt innarbeidd dei omsyn som er nødvendig. Dette gjeld spesielt der det er planlagt nye vegtraséar nær bustadområde og der det er planlagt nye bustadområde i nærleiken av sterkt trafikkerte vegar. Ved om lag 40 av totalt 200 reguleringsplanar som blei behandla i 1987 blei det gjort merknader om støy.

Statens forureiningstilsyn er konsesjonsmyndighet og avgjer utsleppssøknader som gjeld støy frå skytebanar og industri. Fylkesmannen er uttaleorgan i slike saker. I 1987 har fylkesmannen uttalt seg til 5 søknadar.

Arbeidsinnsatsen er rekna til 2 månadsverk.

5. AKUTT FORUREINING

Fylkesmannen har ikkje noko ansvar for akutt forureining. I 1984 blei det på fylkesnivå m.a. reist spørsmål om sikring av drikkevasskjelder mot akutt forureining som følge av uhell ved transport av farleg gods. Som førebels resultat av desse drøftingane blei det registrert omfang og bruk av risikokjemikaliar i bedriftene i fylket. Fylkesmannen, i samarbeid med Statens Arbeidstilsyn, sto for opplegget for registreringa, medan innhentinga av materialet blei foretatt av politiet.

I 1985 blei dette materialet gjennomgått og systematisert i miljøvernavdelinga, og materialet blei gjort tilgjengeleg for politi og redningstjeneste. Etter oppdrag frå Statens forureiningstilsyn har eit konsulentfirma gjennomført ei systematisering av tilgjengeleg materiale med sikte på å m.a. kartlegge transportmåtar og -vegar på landsbasis. Ut frå dette og på grunn av arbeidssituasjonen i avdelinga har det ikkje blitt utført vidare arbeid med det innsamla materialet.

Arbeidsinnsatsen er rekna til 1/4 månadsverk.

6. KOMMUNALE AVGIFTER

Alle kommunane i fylket kravde i 1986 inn kloakkavgift etter Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter. 28 kommunar kravde inn vassavgift.

Ved iverksetting av forureiningslova blei Lov om kommunal renholdavgift oppheva. Heimelen til å krevje inn avgift for renovasjon (avfallsgebyr) vart etter dette kommunale forskrifter etter § 34 i Forureiningslova.

Det er etter måten stor skilnad på avgiftene kommunane imellom. I

nokon grad viser dette forskjell i utgifter ved dei ulike ordningane. Kommunane utnyttar i ulik grad høvet til å dekkje inn kostnadene/utgiftene innan vatn-, kloakk og renovasjon. Enkelte kommunar har eit vesentleg inntektpotensiale her. Nokre få kommunar har så høge avgifter at det er grunn til å vurdere dei nærrare. Inntektene ved vass- og kloakkavgift og avfallsgebyr skal heilt ut nyttast innan den enkelte sektor.

| Kommune | Vassavgift | | Kloakkavgift | | Avfallsgebyr Årsavgift |
|--------------|------------|-----------|--------------|-----------|---------------------------|
| | Tilknytn | Årsavgift | Tilknytn | Årsavgift | |
| Aukra | 5995 | 630 | 4556 | | 494 |
| Aure | 3000 | 400 | 2500 | 300 | 550 |
| Averøy | 6650 | 790 | 6650 | 485 | 605 |
| Eide | | | 8875 | 875 | 810 |
| Frei | 7600 | 1485 | 7600 | 585 | 256 |
| Fræna | 3380 | 620 | 3380 | 620 | 678 |
| Giske | 8000 | 720 | 12000 | 540 | 460 |
| Gjemnes | 8700 | 780 | 5900 | 650 | 790 |
| Halsa | | | 6270 | 470 | 350 |
| Haram | | | 2000 | 200 | |
| Hareid | | | 6600 | 225 | 635 |
| Herøy | | | 5550 | 340 | 685 |
| Kristiansund | 2436 | 803 | 2436 | 275 | 627 |
| Midsund | 4675 | 655 | 4675 | 595 | 735 |
| Molde | 1450 | 728 | 1775 | 543 | 570 |
| Nesset | 3000 | 390 | 3000 | 390 | 520 |
| Norddal | | | 5675 | 430 | 600 |
| Rauma | 2000 | 400 | 2260 | 452 | 470 |
| Rindal | 5380 | 566 | 5380 | 566 | 325 |
| Sande | 6530 | 663 | 7230 | 411 | 615 |
| Sandøy | 3400 | 700 | 3920 | 440 | 370 |
| Skodje | 9500 | 910 | 6500 | 770 | 603 |
| Søøla | 7340 | 1110 | 4410 | 296 | 530 |
| Stordal | | | 5000 | 600 | 671 |
| Stranda | 4370 | 456 | 5240 | 371 | 444 |
| Sula | 4000 | 550 | 8000 | 360 | 607 |
| Sunndal | 3000 | 473 | 3000 | 405 | 435 |
| Surnadal | 4000 | 440 | 4000 | 700 | 460 |
| Sykylven | 5750 | 1100 | 4250 | 410 | 490 |
| Tingvoll | | | 5200 | 590 | 520 |
| Tustna | | | 5600 | 473 | 325 |
| Ulstein | 5582 | 735 | 8444 | 405 | 685 |
| Vanylven | 4500 | 618 | 4500 | 458 | |
| Vestnes | | | 7000 | 900 | 475 |
| Volda | 5270 | 388 | 8965 | 215 | 750 |
| Ørskog | 6767 | 705 | 8255 | 351 | 665 |
| Ørsta | 5495 | 540 | 9305 | 342 | 750 |
| Ålesund | 8000 | 700 | 21000 | 470 | 715 |

***** Vass- og kloakkavgift pr 100 m² *****

Avgiftene er ekskl. mva. og gjeld for bustadhús på 100 m² leigearetal og for 1 stativ. Avgifter merka *) gjeld utanfor byggefelt.

7. NATURVERN OG FRILUFTSLIV

7.1 Naturvernarbeidet

Arbeidet med dei fylkesvise verneplanene for ulike naturtypar og store verneområde som nasjonalparkar m.v. er prioritert etter følgjande langtidsplan:

| Verneplantype | Arbeid på fylkesnivå | Innhenting av merknader | Gjennom- føring |
|-----------------------|-------------------------|----------------------------|--------------------|
| Våtmark | utført | utført | 1988 |
| Geologi, mineral | " | " | Gjennomført |
| Geologi, lausmasser | 1988/89 | 1990/? | ? |
| Edellauvskog | 1988/89 | 1989 | 1990/91 |
| Myrtypar | 1987/88 | 1988 | 1989 |
| Sjøfugl | 1988 | 1989 | 1990 |
| Havstrand | 1987 | 1987/88 | 1988/90? |
| Barskog | 1989/90 | 1990 | 1991/92 |
| Landskapstypar | 1988/90 | 1988/90 | ? |
| Trollheimen | utført | utført | Gjennomført |
| Landsplan nasjonalprk | 1987/89 | 1989/90 | ? |
| Hustadvika - " - | 1988 | 1990/91 | ? |
| Reinheimen - " - | 1988/89 | 1988/89 | ? |
| m/landskapsvernområde | | | |

Landsplanen for nasjonalparkar (NOU 1986:13) som omfattar Sunndalsfjella (Skrymtheimen), Romsdal-Tafjordfjella (Reinheimen) og Geiranger-Herdalen i Møre og Romsdal er sluttbehandla i 1987. Miljøverndepartementet skal no utarbeide ei melding som skal behandlast i Stortinget før det er aktuelt med ei meir detaljert vurdering av desse områda.

Landsplanen omfattar fleire område som må sjåast i samanheng med Samla Plan og Verneplan IV for vassdrag. I den samanheng har fylkesmannen fått i oppdrag å gjennomføre lokal høyring av den delen av Reinheimen som ligg i Møre og Romsdal. I tillegg til Reinheimen nasjonalpark er det også gjort framlegg om vern av fire landskapsvernområde i randsonen til parken: Romsdalen på om lag 153 km², Meiadalen på om lag 139 km², Tafjord på om lag 27 km² og Reindalen på om lag 46 km². Det er meininga at dette arbeidet skal vere avslutta til mai 1988.

På grunn av svært mange enkeltsaker, større plansaker og arbeidet med fylkesfriluftsnesnda er ikkje langtidsplanen for dei fylkesvise verneplanene gjennomført. Det er likevel arbeidd noko med dei fleste prioriterte prosjekta. Status for dei enkelte verneplanene og andre viktige prosjekt som seksjonen arbeider med, kan kort karakteriserast slik:

- Verneplan for Trollheimen.

Planen vart stadfesta i statsråd den 11. desember 1987. Det blir oppretta ei heilårsstilling med kontorstad i Rindal kommune som skal organisere og leie arbeidet med oppsyn og skjøtsel i verneplanområdet. Det skal også opprettast eit samrådingsutval med medlemmar frå dei berørte kommunane og fylkeskommunane.

- Verneplan for våtmarksområde.

Planen ligg fortsatt i Miljøverndepartementet til sluttbehandling. Den seine godkjenningsprosessen i departementet har ført til svært mange vanskar i det enkelte verneområde. Det er også gjennomført mellombels vern for delar av Gaustadvågen-Sandblostvågenområdet for å redde dei verdifulle strandengene frå å bli oppdyrka. I det heile må ein karakterisere det store tidsforbruket mellom behandlinga på fylkesnivå og endelig godkjening som svært uheldig. Det gjeld både for verneinteressene og grunneigarane. Mange av områda blir utsett for inngrep frå andre arealbruksinteresser og det er mogleg at verneinteressene er reduserte i enkelte område. Miljøvernavdelinga sin tillit blir heller ikkje betre ved at godkjeninga av planen blir stadig utsett i Miljøverndepartementet.

- Verneplan for mineralførekomstar.

Det vart gjennomført erstatningsskjønn i dei to områda i Vanylven kommune våren 1987. I Kallskaret i Norddal kommune kravde ingen av grunneigarane erstatning. Etter vår vurdering kom skjønnet fram til ei erstatning, særleg for Helgehornvatnet naturreservat, som var i overkant av det venta ut frå dei sakkunnige sine utsagn. Men ut frå dei store kostnadene slike skjønner fører med seg, kom Direktoratet for naturforvaltning til at skjønnet ikke skulle ankast. Erstatningssaka for Raudehaugen - og Helgehornvatnet naturreservat vart derfor avslutta i 1987.

- Verneplan for sjøfuglreservat.

På grunn av andre arbeidsoppgåver har framdrifta i arbeidet med denne planen vore heller liten. Men vi reknar med at dei naturfaglege data som er innhenta over sjøfuglbestandane i andre samanhengar vil gi eit enda betre grunnlag til å utarbeide det endelige plandokument. Arbeidssituasjonen i 1988 blir heller ikkje slik at det blir mogleg å slutføre arbeidet med denne verneplanen.

- Verneplan for kvartärgeologi/geomorfologi.

Førsteutkastet til plandokument, som vart laga av Geografisk institutt, Universitetet i Oslo, er det arbeidd lite med i 1987. Nokre nyregisteringar er komne til i samanheng med registrering av andre naturtypar. Etter dei signal som er kome frå departementet er det også lite aktuelt å fremma eigen fylkesvis verneplan for denne naturtypen. Miljøvernavdelinga har derfor prøvd å ivareta desse verneinteressene gjennom andre verneplanar som nasjonalparkar og landskapsvernområde. Bruk av reglane i plan- og bygningslova til vern av kvartärgeologiske område synest å vere svært vanskeleg.

- Verneplan for Edellauvskog.

Manglande kapasitet førte til at det er arbeidd lite med denne planen i 1987. Men det er gjennomført feltarbeid i fjordstroka på Sunnmøre og mange nye aktuelle førekomstar er registrert. Planen er at alt feltarbeid skal slutførast i 1988 og utkast til plandokument utarbeidast.

Den lange tidsperioden mellom fagrappo og utkast til plandokument er i det heile eit problem som medfører både mykje meirarbeid og uheldige samarbeidstilhøve med grunneigarar og andre styremakter. Det må derfor bli ei viktig målsetjing at tida mellom registreringsfase - planfase og planfase - gjennomføring blir så kort som mogleg.

- Verneplan for myrreservat.

Manglande kapasitet førte til at det vart arbeidd lite med denne planen i 1987. Manus til endelige plandokument er ferdig skrive og vi reknar med å få det trykt først på nyåret 1988. Myrutvalet har også meldt at dei gjerne vil setje i verk synfaring i Møre og Romsdal i 1988. Det vil seie at lokal høyring må gjennomførast første halvår.

Sjølv om myr utgjer i overkant av 10% av landarealet i Møre og Romsdal, vil eit utval på om lag 30 objekt der alle myrtypene er representert, medføre konfliktar med andre arealbruksinteresser. Dette gjeld i første rekke myrar i låglandet og ut mot kysten. Men desse myrtypene er også svært verdfulle som verneobjekt. Og ein verneplan for myr i Møre og Romsdal er ikkje akseptabel utan at desse myrtypene er med. Produksjonstilhøva i jordbruket har nok letta noko på konflikten med verneinteressene, men opptrappingsplanen for skogbruket virkar motsatt. Vi har også når det gjeld myr hatt uheldige episodar der verneverdiene er reduserte og øydelagte ved store terrenginngrep.

- Verneplan for havstrand/deltaområde.

Sjølv om det ligg føre eigen fagrappo og utkast til fyklesvis verneplan for desse naturtypane, blir det ikkje aktuelt å fremja den. Årsaka er at Direktoratet for naturforvaltning har kome til at desse naturtypane skal vurderast i landsdelssammenheng. Framdrifta for dette arbeidet er ikkje kjent, og det kan ta tid før dei aktuelle områda i Møre og Romsdal blir verna med heimel i natuvernlova. Mange av havstrendene er med i våtmarksplanen, men avgrensinga er vurdert ut frå eit anna verneformål (fugl) enn plantelivet. Dette kan kome til å medføre vanskar med gjennomføringa og behandlinga av dispensasjonar.

- Verneplan for barskogreservat.

Det er gjennomført registreringar av Økoforsk, Ås avdeling, når det gjeld rikfuruskog i 1984. Men planane om å verne eit representativt utval av barskogstypar er mykje utvida sidan da. Det er derfor vedteke at det skal utarbeidast ein landsdelsplan for Midt-Noreg. Registreringsarbeidet i den samanheng vil ikkje bli gjennomført før i 1989 og det er Universitetet i Bergen som er det utøvande organ. Det er derfor naturleg å vente med rikfuruskogplanen til barskogplanen ligg føre.

- Grimstadvatnet naturreservat.

Oppsyn og drift av dette viktige verneområdet har stort sett fungert som forutsatt i 1987. Det har også dette året vore ein del hærverk på grensemerke og plassering av ryddingsstein innafor vernegrensene. Eitt tilfelle er weldt til politiet. Utviding av avløpet på Grimstadvatnet og innhaldet i den Kgl.res. av 1977 er fortsatt under diskusjon. NVE har utarbeidd ein plan for dette inngrepet, men vi har ikkje oppfatta at dei målingane som hittil er gjennomført viser at dette er nødvendig. Det vart fremja erstatningsskjønn i 1987, men trekt attende etter råd frå grunneigarane sin prosessfullmektig. Dette resultatet kan få stor prinsipiell betydning for erstatningsspørsmålet i mange andre våtmarksområde i fylket.

- Runde fredningsområde.

Det har også i 1987 vore stor turisttrafikk til fuglefjella på Runde, og oppsynsmannen har hatt mykje arbeide med informasjon og rettleiing i den samanheng. Dei fleste fugleartane har også

i år hatt ein svært dårlig hekkesesong (30 - 50% av eit normalår) noko som er i samsvar med utviklinga på kysten elles. Det er ikkje observert nokon samanheng med den store turisttrafikken og utviklinga i fuglekoloniane. Har hatt eit tilfelle av bruk av skytevåpen i fuglekoloniane. Hendinga er meldt til politiet og er under etterforskning. Fugleinteresserte turistar har vore til stor hjelp for å oppklare det som skjedde.

Sanitæranlegget er ferdig, men vart noko dyrare enn rekna med. Særleg arbeidet med å framstaffe vatn medførte store utgifter. For første gong er det i år fremma krav om erstatning for meir arbeide med sauvar på beite p.g.a. at turistar sett oppe grinder i tilkomstvegane til fuglefjella. Vi har hatt planar om å bygge trapper for kryssing av gjerder i fleire år, men det er svært vanskeleg å skaffe arbeidskraft til slike tiltak i Herøyregionen. Det same gjeld den planlagte observasjonshytta. Vi er no i drøftinger med Statens Vegvesen om å kombinere bygging av leskur på stoppestadane til lokalbussen med mogeleg observasjon av fuglelivet. To eller tre slike kan det bli aktuelt å bygge.

Frå lokalt hold har det kome framlegg om plantelivsfreding for alt udyrka areal på Runde. Dette fordi tilreisande tar med seg mange av dei meir sjeldne planteartane, dels med rot. Det er naturlig å ta opp dette spørsmålet i samband med verneplanane for myr og havstrand.

- Veøy landskapsvernområde.

Skjøtselen av kulturlandskapet er blitt gjennomført som planlagt. Vi har òg kome godt igang med rydding av småskog og stein. Det verkeleg store problemet er å bli kvitt dei store grasmengdene. Vi prøvde å få løyve til brenning i år, men Molde Brannvesen ville ikkje gå med på det. Elles er det tydeleg at fjerning av biomassen er den rette metoden for å redusere veksten. Og om ein tre - fire år vil nok kravet til slått bli vesentleg redusert. Som kjent er ikkje plasseringa av redskapshuset avklart med riksantikvaren og vi har heller ikkje motteke teikningar frå fylkeskonservatoren. Vi har laga informasjons tavle og foldar som er trykt i 5000 eksemplar. Med ein innsats i 1988 på same nivå som 1987 vil det meste av arbeidet med fjerning av overflatestein, stubbebryting og mindre planeringsarbeide vere gjort. Når det gjeld tiltak i frukthagar m.m. må dette vurderast nærrare og kanskje leggast fram for tilsynsutvallet.

- Myklebustvatnet.

Vi har hatt mange vanskar i dette området gjennom året. Det gjeld både ulovleg dumping av massar innafor vernegrensene, støyping av fundament og utgraving inntil vernegrensa slik at vassnivået i vatnet har blitt senka. Dette har gjort det nødvendig å innlede eit forpliktande samarbeid med Herøy kommune. Både for å utbetre og forebygge skadar. Å sikre vassnivået i dette svært vegetasjonsrike vatnet er det viktigaste tiltaket som må gjennomførast straks. Vi har inngått ein avtale med kommunen om dette og arbeidet er alt igang. Etter vår vurdering er dette området så viktig, og ligg så sentralt til for bruk av ålmenta og skolane, at dersom ikkje våtmarksplanen snart blir stadfesta er det aktuelt å fremja eigen verneplan for Myklebustvatnet.

- Innerdalen landskapsvernområde.

Arbeidet med å legge vandringer i sårbare myrområde er gjennomført som planlagt og må fortsette i 1988. Det same gjeld supplering av merkesteinar og maling. Det er også nødvendig at det blir satt opp ei større og meir informativ opplysningstavle ved parkeringsplassen på Nerdal.

7.2 Ny landsplan for nasjonalparkar og større verneområde

I NOU 1986:13 Ny landsplan for nasjonalparkar og større verneområde er det gjort framlegg om at

- Geiranger-Herdalsområdet om lag 500 km²
- Utviding av Dovrefjell nasjonalpark til å omfatte Sunndalsfjella (Skrymtheimmen) om lag 535 km²
- Reinheimen (Romsdal- og Tafjordfjella) om lag 650 km²

blir verna som nasjonalparkar eller større landskapsvernområde.

Framlegget til ny landsplan for nasjonalparkar og større verneområde er utarbeidd av Statens naturvernråd etter oppdrag frå Miljøverndepartementet. Landsplanen er i samsvar med motiv og målsetting i St.meld.nr. 68 (1980-81) om vern av norsk natur og følgjer retningslinene for vidareføring av nasjonalparkpolitikken som Stortinget trakk opp under behandlinga av denne stortingsmeldinga (Innst.S.nr. 369 (1980-81)).

Hovudformålet med planen er å sikre eit representativt utval av store, urørte eller særeigna naturområde i heile landet. I den sambanden er det størst interesse for å sikre dei villmarksområda som er att i landet vårt mot inngrep. Dvs område med meir enn 5 km avstand frå nærmeste veg, jernbane, utbyggingsområde eller større inngrep som t.d. vassdragsregulering eller gruvedrift.

I perioden 1900-1980 har villmarksdelen gått attende frå ca 40% til ca 13% av det samla utmarksareal i Sør-Noreg. For heile landet er arealet med villmark oppgitt til ca 23%.

Å oppleve uberørt natur er viktig for menneska si fysiske og psykiske helse. Etter som presset på naturen i nærleiken av bummiljøet aukar, vil slike område bli enda meir verdifulle i framtida. Vern av uberørte naturområde er òg svært viktige tiltak for å sikre førekommstar av ulike truga og sårbare plante- og dyreartar.

Landsplanen spenner naturfagleg over eit breitt spekter av naturtypar. I vårt fylke er ikkje utvalet så variert som det har vore ønskjeleg. Det er særleg kystnaturen som er lite representert. Fylkesmannen har i den sambandet fått i oppdrag frå Miljøverndepartementet å finne fram andre aktuelle område som er representative for dei ulike naturtypane i Møre og Romsdal, særleg med tanke på dei naturgeografiske regionane som landet er inndelt i. Denne vurderinga skal gjennomførast i samband med første fase i behandlinga av nasjonalparkmeldinga, og vil derfor bli eit av dei vurderingstema som skal behandlast av Stortinget i den stortingsmeldinga som er under arbeid. Arbeidet med dette på fylkesnivået vart sluttført sumaren 1987.

På grunn av manglende datagrunnlag fann fylkesmannen ikkje grunn til å fremja nye forslag på konkrete område, men vil arbeide vidare med spørsmålet i samanheng med Smøla-prosjektet og Hustadvika nasjonalpark i 1988.

Sjølv om det ved den lokale høyringa kom fram mange negative fråsegner, rådde fylkesmannen til at alle dei tre aktuelle områda i fylket blir med i stortingsmeldinga, men vurderte Geiranger-Herdalsområdet som lite eigna til nasjonalpark. Fylkesmannen gjer derfor framlegg om at heile området blir verna som landskapsvernombjørn.

7.3 Smøla-prosjektet

Arbeidet for vern av dei mest verdifulle naturområda i Smøla kommune er tatt opp i samband med kystsoneplanlegging. Dette er eit samarbeid med kommunen og Møre og Romsdal Fylkeskommune, planavdelinga, med sikte på fleirbruksplanlegging der naturverninteressene vil bli tilpassa andre brukarinteresser. I høve til generalplanen for Smøla er det viktig å få med havbruk etter som øyområda på Smøla er viktige i naturvernsamanheng. Det er nedsett eit planutvalg som kom i arbeid 1986, og framlegg til plandokument vil bli framlagt i 1987.

7.4 Truga og sårbare artar

Omsynet til plantearter og dyrearter i ein utsett bestandsituasjon er ein viktig del av det praktiske naturvernarbeidet, både med tanke på arts- og områdefredingar, og gjennom andre forvaltingstiltak.

Forvaltingsproblema er ueinsarta: Somme artar kan vere direkte truga av utrydding, andre kan ha så spesielle miljøkrav at dei aldri har hatt eller kan få store og tette bestandar. For nokre artar kan det vere menneskeskapte, negative faktorar som trugar.

Møre og Romsdal har ei spennvidde i naturen som ligg opp mot det maksimale av det ein kan finne i eit fylke i vårt land, både klimatisk og topografisk. Dette gjev livsvilkår også for ei rekke artar som kjem inn under kategorien "Truga og sårbar". Vi har langt frå tilfredstilande oversyn over det som finst av slike artar i fylket, men det kan likevel vere av interesse med ein rask gjennomgang av det vi veit i dag:

- Planteartar

På stader med kalkberggrunn, marinavsetningar og gunstig lokal-klima, finst det fleire botaniske godbitar, også innan kategorien "truga eller sårbar". Talstadhesten og kringliggende kalkfjellsområde i Fræna og Eide er velkjent for sitt planteliv, og her har ØKOFORSK i Trondheim planlagt systematiske undersøkingar når det gjeld planteartar og -samfunn som det er lite og ikkje av i landet elles. Bl.a. skal det her finnast moseartar som ikkje er påviste andre stader i Europa.

Av interesse i ein forvaltingssamanheng er at dei to lokalitetane for breidt dunkjevle, Grimstadvatnet i Hareid og Lerstadvatnet i Ålesund, i dag representerer nordgrense for denne arten i vårt

land. Inntil nyleg var det kjent to lokalitetar ved Trondheim, men begge desse har gått ut. Begge forekomstane i vårt fylke er innafor freda våtmarksområde og burde såleis vere sikra. Vidare har bendetjønnaks vore notert som utdøydd i Norge, men er dei siste åra funne i Myklebustvatnet i Herøy, også her innafor freda område. Av dei atlantiske planteartane har purpurlyng nordgrense i vårt fylke, men er jamnt utbreidd sørover Vestlandet. To andre artar i same følgjet, havburkne og hinnebregne, er sjeldnare, men har ei rekke veksestader i Møre og Romsdal. Særleg havburkne er sjeldan i landsmålestokk, knytta som den er til område med havgrotter langs ytre, eksponerte klippekystar. Andre havbundne artar med nordgrense i Møre og Romsdal er marehalm, strandkveke og dikesvineblom.

I dei varmekjære lauvskogane finn vi fleire treslag på nordgrensa her i fylket, som lind i Ørsta og Volda, og eik på Tingvoll. Det er også naturleg å nemne eføy og kristtorn, som har nordgrense i Møre og Romsdal.

Mange artar er vanlege i deler av fylket, men er truga på utbreiingsgrensa si. Det gjeld t.d. kusymre, som er ei kystplante. Innerste veksestaden i fylket var på Oppdølstranda i Sunndal, men er den truleg utrydda p.g.a. plukking og forsøk på flytting.

- Dyrelivet

Kjennskapen til den lågare faunaen er særdeles mangelfull, og vern og forvalting av insekt og anna småkrek har neppe påkalla lekfolks omsorg. Likevel hører også desse artane med under forvaltingsansvaret vårt. Og visse spesialitetar veit vi at det finst. Sommarfuglarten *Nemosyne* er påvist berre på to lokalitetar i vårt land. Den eine ligg i Sunndalen. Og så prosaisk det enn kan høyrast: Sjeldne snegleartar er registrerte, bl.a. på Grasøya ytst mot havet i Ulstein. Til og med innafor freda område. I Rindal og delar av Surnadal finn vi både stor og liten salamander. Desse er totalfrede, og er heile avhengige av myrtjønner og dammar for å trivast. Men stort sett er det eit forsøkt felt, dette med vern av den lavare faunaen.

Best kjende dyregruppa i fylket er nok utan samanlikning fuglane, og vårt fylke har eit sentralt forvaltingsansvar for fleire av dei artane som er med i gruppa "truga og sårbare". Minst 3/4 av dei kjende hekkepara av dvergdykkar i vårt land er å finne i Møre og Romsdal, stort sett innafor område som er med i Verneplan for våtmarker. Likevel er dei sårbar, knytte som dei er til vegetasjonsrike småtjønner i område med tett busetnad. Situasjonen for arten ser ut til å vere stabil. Då er det verre for storlom og smålom. Begge har gått sterkt attende i fylket i nyare tid. Derfor er det sett i gang arbeid for å summere opp viten om desse artane.

Sidan 1975 har toppskarven gått attende med 2/3 i Møre og Romsdal. Etter ein positiv tendens i 1985, gav 1986 og 1987 på nytt svært dårlige år for arten. Ungeproduksjonen var svært lav, og opptelling av hovudkolonien på Runde syntet 25 % færre reir enn i 1985. Fleire av dei mest sjeldne andeartane i vårt land hekkar i Møre og Romsdal. Nokre av dei har truleg nokre av sine viktigaste lokalitetar her, t.d. knekkand. Diverre har det vore fleire negative trekk: Svansvatnet på Vigra, hekkeplass for knekkand og skeiand, er no uttørka, og det ser ut til at dei taffelendene som hekka på Sula, har forsvunne.

På rovfuglfronten merkar ein seg særleg havørn, kongeørn og vandrefalk. Den førstnemnde har hatt positiv utvikling siste åra. Kongeørnbestanden er og god, kanskje den største og tettaste i noko fylke i vårt land. Dette betyr eit forvaltingsansvar av internasjonal interesse. I internasjonal samanheng er det likevel vandrefalken som for tida er den mest truga. Då er det tilfredsstillande å notere at bestanden i Møre og Romsdal har utvikla seg positivt dei siste åra.

Fylket merkar seg og ut når det gjeld riksefuglar. Ein rapport frå 1985 tyder på at fylket for tida er det viktigaste åkerriksefylket i landet, ein art på kanten av utrydding hos oss. I dag finst denne fuglen mest på brakkmarker i dei ytre øykommunane nord til Fræna. I tillegg er det årvisse førekommstar av myrrikse og vassrikse i fleire av sumpmarkene og ferskvatna, to artar som er svært sjeldne og sporadiske elles i landet. Myklebustvatnet i Herøy er ein særleg viktig lokalitet for desse artane. Også i 1987 vart det følt opp med registreringar og kontroll av dei viktigste hekkeområda.

Det blei 1985 også lagt fram ein rapport om gråspett og kvitryggspekk i Møre og Romsdal, to artar som i Europeisk samanheng fell inn under lista over "truga og sårbare". Denne syner, som vi og har vore klar over tidlegare, at det finst gode bestandar av begge artane i fylket. Saman med dei andre Vestlandsfylka har Møre og Romsdal for tida ein vesentleg del av den kjende, europeiske bestand av begge desse spettene. Dei er avhengige av naturlege skogsbestandar og kan svært fort kome i faresona dersom avverking av vestlandsskogane og treslagsskifte til gran blir gjennomført i stor stil. I Surnadal er det følt opp kontrollar av tradisjonelle hekkeområde for kvitryggspekk 1987, samstundes som det under generell faunaregistrering er lagt særleg vekt på denne arten.

Av pattedyra er det først og fremst blant rovdyna ein finn truga og sårbare artar. Nyare registreringar syner at det finst små bestandar av både bjørn, jerv og gaupe i fylket, først og fremst i dei indre grensetraktene. Forvaltinga av desse kan vere problematisk nok, jamfør merknader om rovviltskadar. Registreringsarbeid i 1985 syner og at delar av fylket har bra bestand av oter, ein dyreart som i det meste av Europa har vore på sterkt vikande front. Etter ein stor nedgang også i vårt fylke, ser det no ut til å vere ein viss ekspansjon att.

Som ein ser, vil det i Møre og Romsdal vere bestandar av ei rekke truga og sårbare dyre- og planteartar. Sjølv om nokre av desse kan nyte godt av dei verneplanane som er under arbeid, står det framleis mykje att før datagrunnlag og forvaltingsprinsipp for truga og sårbare plante- og dyreartar tilfredstiller behovet når det gjeld forvalting av desse artane.

7.5 Erstatningsreglane ved vern etter naturvernlova

Stortinget vedtok i 1984 nye reglar om erstatning ved opprettning av naturreservat og kulturminne (omfatter òg biotopfreding etter § 9 i naturvernlova). Lovendringa vart sett i verk frå 15. januar 1985. Hovudregelen er at alle grunneigarar og rettshavarar i slike verneområde har krav på å få dekka økonomiske tap som er ei følge av fredinga. Utmåling av erstatning skal skje i samsvar med reglane i Lov av 6. april 1984 nr 17 om vederlag ved oreigning av fast eigedom. Det økonomiske tapet skal fastsettast på grunnlag av salsver-

di eller bruksverdi. Men i både tilfella kan det berre krevjast erstatning for dei formene for økonomisk utnytting som blir forbode etter vernereglane i det enkelte område. Verneformålet vil derfor få alt å seie for kva stor erstatninga blir. I eit verneområde der grunneigarane kan halde fram med ulike former for næringsverksemd, som t.d. beiting og vedhogst, inneber dette prinsippet at erstatninga blir mindre enn om området skal seljast eller orenast med full eigedomssrett. Det vanlege i slike vernesaker er likevel at reglane er så strenge at dei vil avgrense grunneigarane sin næringmessige utnytting av området vesentleg. Dei skjønn som er avvikla etter lovendringa syner også at det er stor variasjon i erstatningsutmålinga.

Dei nye reglane i § 20, tredje lekken, i naturvernlova er det bestemt at verdiar som heng saman med offentlege tilskott til bruksutbygging ikkje skal erstattast. Dette prinsippet er også seinare slått fast ved dom i ei konkret sak for høgsterett. Denne lovregelen fører sjølv sagt til at erstatningane i dei fleste verneområda blir vesentleg mindre.

I den nye landsplanen for nasjonalparkar og større verneområde er det gjort framlegg om å verne fleire store område i Møre og Romsdal.

Grunneigarar og rettshavarar i slike område har ikkje krav på erstatning etter dei nye reglane. Det same gjeld ved mellombels vern av eit område. Erstatningane ved oppretting av desse verneområda er regulert i § 20b i naturvernlova som lyder:

"Økonomisk tap som følge av vedtak etter §§ 3, 5 og 18 tredje ledd i denne lov kan i samsvar med alminnelige rettsgrunnsetninger kreves erstattet av staten. Med mindre annet blir avtalt, avgjøres spørsmålet ved rettslig skjønn etter begjæring av en av partene innen ett år etter at vedtaket er kunngjort. Departementet kan forlenge fristen. Reglene i domstolsloven §§ 153-158 gjelder så langt de passer."

Med "alminnelige rettsgrunnsetninger" i denne samanheng siktas lovgjevaren til dei retningslinene som har utvikla seg på grunnlag av prinsippet i GrL. 105, med sikte på lovgjeving som legg restriksjoner på utnytting av fast eigedom. Men Miljøverndepartementet har peike på at det berre er i unnatakstilfelle, der ein grunneigar eller rettshavar blir ramma hardt av eit vernevedtak, at oppretting av landskapsvernområde/nasjonalpark eller mellombels vern kan utløyse krav om erstatning. Eigarar eller rettshavarar som meiner å ha krav på erstatning ved gjennomføring av slike vernesaker, må sjølv sette fram krav for domstolane innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket.

Grunneigarar og rettshavarar i reservat eller naturminne må setje fram skriftleg krav til fylkesmannen innan eitt år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket. Dette er eit vilkår for rett til erstatning etter dei nye reglane.

Det er teke sikte på å løyse dei fleste erstatningssakene gjennom frivillige drøftingar. Miljøverndepartementet meiner at denne framgangsmåten vil vere like trygg for grunneigarane som eit rettsleg skjønn, og at den vil føre til eit raskare erstatningsoppgjer.

Dersom det ikkje blir oppnådd semje, er det naturvernstyresmaktene som må setje fram krav om rettsleg skjønn for domstolane. Det må skje innan halvtanna år etter at det er gjeve melding om vernevedtaket til grunneigarane dersom ikkje partane blir samde om å utsetje fristen.

Ved rettsleg skjønn vil grunneigarar og rettshavarar få dekte sine utgifter til advokat etter reglane i skjønnslova. Også ved frivillige forhandlingar er Miljøverndepartementet innstilt på å dekkje slike kostnader.

Ved melding om eit vernevedtak vil det bli gjeve ei nærmare orientering om erstatningsreglane og framgangsmåten ved fastsettjing av erstatningssummen.

Sjølv om erstatningssakene i prinsippet skal gjennomførast av regjeringsadvokaten, medfører dei nye lovreglane mykje meir arbeid for miljøvernavdelinga. Det er særleg arbeidet med å innhente grunnlagsdata som er avdelinga sitt arbeidsfelt, men også å finne fram til habile sakunnige og føre forhandlingar i samråd med regjeringsadvokaten er krevjande.

To skjønsaker er gjennomført i 1987 og med den arbeidsmengde slike saker medfører, kan det bli vanskar med kapasiteten når dei ulike fylkesvise verneplanane blir gjennomførte.

7.6 Friluftsliv

Interessa for å sikre friluftsinteressene er fortsatt stor ute i kommunane, særleg når det gjeld opparbeiding. Og det er fremma søknader for ein samla sum på kr 10.212.991,-.

- | | | |
|---|---------|---------------------|
| 1. Planlegging av frilufts- og naturområde, post | 60: | kr 270.000,- |
| 2. Opparbeiding av | - " - | " 60: " 3.445.140,- |
| 3. Tilskott til sikring | - " - | " 60: " 576.207,- |
| 4. Heil dekning av utgiftene til kjøp av viktige regionale fril.- og naturområde, | " 30.1: | " 350.000,- |
| 5. Heil dekning av utgiftene til opparbeiding av viktige regionale fril.- og natuomr. | " 31.2: | " 5.571.644,- |

I alt kr 10.212.991,-

Rulleringa av Handlingsprogrammet for friluftslivet i Møre og Romsdal vart sluttført i 1986 og er justert i samsvar med det vi kan rekne med av pengar til dette føremålet dei kommande år. For perioden 1987-1996 er det rekna med ei samla investering på kr 6.465.000,- i regionale, viktige område og kr 7.930.000,- i lokale område; i alt kr 14.395.000,-. Dette er ein monaleg reduksjon av investeringsnivået i høve til det tidlegare plandokumentet.

Planarbeidet med kystsoneplanen for fjordsystemet mellom Hareidlandet og Gurskøya er ikkje sluttført. Dette er eit typisk kystsonenplanleggingsprosjekt der fleirbruken i kystsona og dei konfliktar dette medfører blir vurdert mot kvarandre og bæreevna i naturgrunnlaget. Avdelinga ser på dette prosjektet som svært nyttig for å vinne erfaring i å vurdere dei problem som bruken av kytnaturen vil føre til både når det gjeld tradisjonell utnytting og bruk og utvikling av nye næringar som t.d. havbruk. Både utviklinga innanfor settefisk-/matfiskproduksjon og skalldyroppdrett går fort. Alle former for oppdrett som krev tilføring av fôr medfører forureining, og alle driftsformer som er aktuelle til denne tid er ganske arealkrevjande. Lokalisering i høve til andre brukarinteresser er derfor eit viktig arbeidsfelt, både i høve til private rettar og ålmenta sin bruk av kytnaturen til ulike formål som t.d. "matauk" og rekreasjon.

I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, planavdelinga, er det sett i gang eit tilsvarande prosjekt i Smøla kommune. Problemstillinga i dette planarbeidet er ei noko anna enn for fjordsystemet mellom Hareidlandet og Gurskøya, men også her er det regulering av fleirbruken av kyst- og sjøområda som er det primære. Dette planarbeidet skal sluttførast i 1988. Avdelinga har òg gjeve tilskott til og tek del i eit planprosjekt som skal vurdere arealbruken i nedslagsfeltet til Solnørelva. Dette er eit plansamarbeid med Vestnes, Ørskog og Skodje kommune som blir koordinert av fylkeskommunen si planavdeling.

Møre og Romsdal vart tilstått i alt kr 2.402.900 til naturvern- og friluftsformål over dei ulike fagbudsjett i 1987, og pengane er nytta slik:

Tabell 7.1: Utgifter til opparbeiding og skjøtsel i verna område, post 31.1 - tilstått kr 75.000:

| | |
|---|---------------|
| Innkjøp diverse utstyr og informasjonsmateriell | 27.339 |
| Båttilhenger Runde fredingsområde | 8.160 |
| <u>Sanitæranlegg Runde fredingsområde</u> | <u>40.000</u> |
| I alt kroner | 75.499 |

Tabell 7.2: Heil dekning av utgiftene til opparbeiding og vedlikehald av friluftsområde, post 31.2 - tilstått kr 320.000:

| Kommune | Prosjekt | Sum |
|---------|--|---------|
| Gjemnes | Spesialskilt/snørydding Fursetfjellet | 10.231 |
| Fræna | Opparb. kai og toalett Søre Bjørnsund | 24.769 |
| Molde | Kaianlegg Hjertøya | 20.000 |
| Stordal | Parkeringsplass Overøye | 60.000 |
| Halsa | Opparbeiding Knarrbukta friluftsområde | 100.000 |
| Sunndal | Opparbeiding Fuglvågen friluftsområde | 85.000 |
| Rauma | Opparbeiding Skorgedalsvegen | 20.000 |
| | I alt kroner | 320.000 |

Tabell 7.3: Tilkott til planlegging og opparbeiding av natur- og friluftsområde, post 60, tilstått kr 340.000:

| Kommune | Prosjekt | Sum |
|--------------|--|---------|
| Aukra | Gjestebåtplassar Nyhamn Småbåtlag A/S | 15.000 |
| Kristiansund | Opparbeiding Kysthagen/Vanndamman | 25.000 |
| Molde | Oppsyn/drift Moldeholmene nat./fril.omr. | 30.000 |
| Ålesund | Opparbeiding friarealet Voldsdalsberga | 50.000 |
| Norddal | Opparbeiding parkeringsplass Lillåsen | 15.000 |
| Surnadal | Opparbeiding Svissholmen friluftsområde | 46.939 |
| Nesset | Planlegging Nesset prestegard fril.omr. | 30.000 |
| " | Planlegging Eidsvåg sentrum | 30.000 |
| Herøy | Myklebusvatnet og P-plass Leikongeidet | 90.000 |
| | Div. konsulenttenester | 8.061 |
| | I alt kroner | 340.000 |

Tabell 7.4: Utgifter til merking, oppsyn m.v. i verna område, postane 01.9 og 11.5, tilstått kr 211.900:

| | |
|--------------------------|---------|
| Lønn oppsynsmenn | 84.081 |
| Lønn engasjert personell | 49.838 |
| Varer og tenester | 77.851 |
| I alt kroner | 211.770 |

Tabell 7.5: Utgifter til sakkyndig hjelp med utarbeiding av verneplanar, og vidareføring EDNA/FRIDA, post 21, tilstått kr 260.000:

| | |
|--------------------------|---------|
| Lønn engasjert personell | 243.868 |
| Reiser/andre utgifter | 20.678 |
| I alt kroner | 264.546 |

Tabell 7.6: Dekning av utgiftene med kjøp av regionale friluftsområde post 30, tilstått kr 355.000:

| Kommune | Prosjekt | Sum |
|---------|---------------|---------|
| Fræna | Langvatnet | 300.000 |
| " | Farstadsanden | 55.000 |
| | I alt kroner | 355.000 |

Tabell 7.7: Dekning av utgifter med erstatninger ved vern etter naturvernlova post 30, tilstått kr 520.000:

| | |
|---------------------|---------|
| Erstatningar | 304.452 |
| Juridisk bistand | 79.883 |
| Skjønnskostnader | 51.390 |
| Kart/oppmåling m.v. | 63.012 |
| I alt kroner | 498.737 |

Tabell 7.8: Tilskott til dekning av utgiftene ved kjøp av lokale friluftsområde, post 60, tilstått kr 321.000:

| Kommune | Prosjekt | Sum |
|----------|--------------|---------|
| Fræna | Ergan (Bud) | 36.000 |
| Stranda | Øvre Moa | 67.000 |
| Ålesund | Aksla | 200.000 |
| Surnadal | Svissholmen | 18.000 |
| | I alt kroner | 321.000 |

7.7 Fylkesfriluftsnemnda

Miljøvernnavdelinga fungerer framleis som sekretariat for Fylkesfriluftsnemnda. Miljøverndepartementet la fram ei melding om friluftspolitikken i 1987 (St.meld.nr 40 (1986-87)), men legg ikkje fram noko tilråding om nemndstruktur og forvaltingsordning. Den usikre situasjonen når det gjeld nemndna sin funksjon og administrative plassering har ført til ein uheldig arbeidssituasjon. Dette gjeld både for dei folkevalde og sekretariatet. Avdelinga sin kapasitet er òg for liten til å fungere som eit fullgodt sekretariat. Etter det initiativ som fylkeskommunen har teke overfor Miljøverndepartementet for å føre nemndna attende dit reknar miljøvernnavdelinga med at det vil skje først på nyåret 1988.

I 1987 vart det halde 10 møte. Fire av desse gjekk over to dagar, slik at det i alt gjekk med 14 dagar. I tillegg vart det gjennomført mange synfaringar der ein eller to representantar for nemndna deltok, gjerne lokalkjente, saman med tilsette i miljøvernnavdelinga. Saksømengda har gått ned frå 453 i 1986 til 308 saker i 1987. Hovudårsaka til dette er nok at nokre kommunar ikkje melder frå om vedtak etter §§ 17.2 og 117 i plan- og bygningslova.

I tillegg til dei 308 sakene er 103 reguleringsplansaker refererte i nemndna. Sakene fordeler seg på ulike sakstypar på følgjande måte:

| | 1985 | 1986 | 1987 |
|--|---------|---------|---------|
| - Dispensasjonssaker etter §§ 17.2 og 117 i PBL (Inntil 01.07.1986 strandplanloven) | 217 | 215 | 162 |
| - Plansaker etter PBL (bygningsloven) | 135 | 147 | 88 |
| - Kraftverk/kraftliner | 7 | 9 | 12 |
| - Tilskottssaker (62 søknader) | 3 | 3 | 2 |
| - Vegar | 9 | 15 | 15 |
| - Naturvernsaker | 0 | 0 | 3 |
| - Masseuttak og andre storinngrep | 0 | 0 | 0 |
| - Andre saker | 77 | 64 | 26 |
| I alt | 448 | 453 | 308 |

Sekretariatfunksjonen krevde ein arbeidsinnsats på om lag 12 månadsverk av dei tilsette ved miljøvernnavdelinga. Tidlegare hjelpte fylkeskommunen til med maskinskriving av dokument som utskrifter av møteboka m.v. Dette representerte eit tidsforbruk på om lag eit halvt årsverk. Frå 1. januar 1986 har sekretariatet sjølv utført dette arbeidet.

7.8 Plansaker

Miljøvernaddelinga har som tidlegare år det faglege saksbehandlaransvaret for planar som kjem inn til fylkesmannen. Dei fleste plansakene blir berre behandla av miljøvernaddelinga, men i ein del saker kjem også andre avdelingar med sine faglege synspunkt. Dei vanlegaste saksområda som blir vurderte er naturverdiar, friluftsinteresser, viltinteresser, støy og ulike forureiningsomsyn. Talet på reguleringssaker er på omlag det same nivået som for 1976.

Etter reglane i plan- og bygningslova, må fylkesmannen vurdere alle reguleringsplanar og kommuneplanar før dei eventuelt kan godkjennast av kommunale styresmakter. Lova føresett større informasjon, samarbeid og medverknad på alle plannivå enn det som har vore vanleg tidlegare. Lova føresett også at kommunane kunngjer oppstarting av eit planarbeid slik at alle interessepartar kan kome med sine merknader før reguleringsplanane blir for fastbunde med bestemte løysingar. Denne viktige føresegna i plan- og bygningslova blir for sjeldan praktisert i høve miljøvernaddelinga sine arbeidsfelt. Spesielt for område der arealbruken tidlegare ikkje er avklara gjennom oversiktsplanlegging, hadde det vore ønskeleg at dei som planlegg i kommunane i større grad henter inn dei nødvendige faglege innspel på eit tidleg tidspunkt.

I 1987 kom vi med fråsegn til kommuneplanen for Rindal, Giske, Ørskog og Molde. Vi kom også med faglege innspel til kommuneplanarbeidet for Vestnes kommune. I høve dei tidsrammer dei sentrale styresmaktene legg opp til når det gjeld kommuneplanlegginga, burde framdriften i kommunane vore noko betre. Miljøvernaddelinga legg vesentleg vekt på at natur- og miljøforhold i størst mogleg grad bør avklarast gjennom kommuneplanlegginga. Einskildsaker tek for stor del av arbeidstida vår.

I samsvar med retningslinjer fra Miljøverndepartementet har vi i plansaker lagt vesentleg vekt på at det blir sikra friområde og friluftsområde i og nær tettstader. Miljøvernaddelinga ser helst at det blir regulert til friluftsføremål for på den måten å sikre ein mest mogleg urørt natur for friluftsinteressene. Men vi har ofte inntrykk av at kommunane lar vere å regulere til slike føremål i sine planar for å sikre seg mot økonomiske konsekvensar. Men det er sjeldan at regulering til friområde eller friluftsområde kjem i konflikt med næringsinteresser slik at det kan krevjast innløysing.

I 1987 hadde vi fleire omfattande vegsaker til behandling. Ein stor del av dessa prosjekta gjeld undersjøiske tunnellar. Det blir lagt vekt på rask planlegging og sakshandsaming. Vårt inntrykk av desse sakene er at det blir lagt for liten vekt på planlegging av lagerplass og bruksmåtar for dei store steinmassene som bli tekne ut. Tunellmassane er ein naturressurs som bør kunne nyttast til forskjellige samfunnsføremål, og som til ein viss grad kan erstatte vanlege steinbrudd og grustak. Vi ser eit vesentleg behov for ein meir systematisk planlegging og regionale vurderingar både når det gjeld bruk og deponering av steinmassane.

Strand- og kystrør har i alle år vore utsett for eit sterkt utbyggingspress her i fylket. Denne utviklinga har forsterka seg mykje dei siste åra på grunn av aukande interesse for etablering av havbruksanlegg.

Kunnskaper om naturgrunnlaget i fylket er nødvendig i all planlegging. Vi har under oppbygging eit dataregister (EDNA) som vil innehalde alle tilgjengelege opplysningar om registrerte naturvernverdiar i fylket. Eit tilsvarende dataregister (FRIDA) er under oppbygging for viktige friluftsområde i kommunane. Dette er opplysningar som vil bli av spesiell verdi i kommuneplanlegginga i åra som kjem. Vi har prioritert arbeidet med desse regisra etter kvart som kommunane har bede om faglege innspel til kommuneplanlegginga.

8. FISK

På same måte som i 1984 og 1985 har verksemda vore sterkt prega av dei spesielle tilhøva ein har innan forvaltinga av ferskvassfisk i Møre og Romsdal. Den negative utviklinga i produksjon og fangst av laks har fortsett. Dette har sikkert fleire årsaker, men av dei viktigaste er den harde utnyttinga av fylkets fiskebestander, og det at lakseparasitten Gyrodactylus salaris no finst i ei rekke av dei mest verdifulle lakseelvane i fylket. Oppfiska kvantum av laks i elvane er under det halve av kva det var for 10 år sidan.

Det meste av arbeidsinnsatsen har gått med til utgreiningar, granskningar, bearbeiding av data og innsamla biologisk materiale, møte og anna informasjonsverksemnd. Vidare er mykje arbeidstid gått med i samband med kartlegging av utbreiinga av lakseparasitten G. salaris, arbeid med å bekjempe parasitten og gjere tiltak for å bøte på dei skadene denne medfører.

I 1987 har ein ikkje kunne påvise at lakseparasitten G. salaris har spreidd seg til nye vassdrag. I fylket er no parasitten påvist i 19 lokalitetar, og av desse er 18 lakseførande vassdrag. I Noreg er parasitten no funnen på 29 stader. Ein reknar med at berre i vårt fylke representerte skadene av denne parasitten i 1985 eit fangsttap på godt over 100 tonn.

Fiskerikonsulenten har teke del i ei rekke synfaringar, møte og kurs av ymse slag innan fagfeltet. Ved mange hove er det halde faglege foredrag og innlegg.

Av saker som fylkesmannen er delegert mynde til å fatte vedtak i er det til saman innvilga stamfiskeløyve for 18 vassdrag.

Det er gjeve løyve til fangst av 1080 stamfisk fordelt på 810 laks og 270 aure. Resultatet av stamfisket syner at berre 483 laks og 95 aure vart fanga til kultiveringsformål. Berre 60% av innvilga fangstkvote av laks og 35% av innvilga fangstkvote av aure vart altså fanga. Året før vart det gjort forsøk på ein slik kultiveringsinnsats i tre vassdrag meir i fylket. Årsaka til dette dårlege resultatet er at fangsttilhøva i nokre hove var særskilte, men i dei fleste tilfelle er nok årsaka at det i elvane er lite fisk å fange på. Ei anna årsak kan også det faktum vere at dei som driv dette uløna arbeidet oftast ikkje ser monalege resultat.

Det er eit beklageleg faktum at det aller meste av den frivillige kultiveringsinnsatsen når det gjeld laks og sjøaure skjer utan at det på førehand er gjennomført ei gransking av reproduksjonstilhøva i det einskilde vassdraget. Dette inneber at det for nokre vassdrag årleg vert gjennomført eit stort kultiveringsarbeid som kan vere til inga nytte, mens det i andre vassdrag kunne ha blitt gjennomført ei kultivering av laks- og sjøaurebestanden med stort utbytte. I mange hove har ein inntrykk av at kultiveringsinnsatsen skulle ha blitt nytta på ein noko annan måte enn kva tilfellet er. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at kultivering i form av klekking av rogn og utsetting av yngel kan medføre ein fare for spreiling av uønska fiskestammar og fiskesjukdommar. Det er difor beklageleg at ein i forvaltinga av dei ulike bestandene av laks og sjøaure ikke har hatt hove til å skaffe eit fagleg grunnlag for å kunne gje ein slik viktig og naudsynt informasjon.

I 1987 er det vidare gjeve 2 løyve for prøvefiske i ferskvatn, og 4 fiskeløyve til enkeltpersonar. Frå Direktoratet for naturforvaltning si side er det til saman gjeve 11 fiskeløyve til enkeltpersonar i vårt fylke.

Det er behandla ei rekkje saker som omhandlar ulike former for inngrep i vassdrag. Døme på slike inngrep er senking, kanalisering, forbygging, utfyllingar, uttak av vatn til ymse formål osb. Også i 1987 har desse sakene vore tilgodesett med særkild åtgau. I dei fleste av desse sakene har det vore naudsynt med synfaring før ein har kunne gjeve uttale. I Møre og Romsdal er ei lang rekkje vassdrag tilført store skader som ei følgje av ulike former for inngrep, og det foreligg ei rekkje nye konkrete planar for ulike nye inngrep i vassdraga.

I 1985 vart det igangsett eit "Biotop-justeringsprosjekt" som har som mål å finne ut kva for tiltak ein kan gjere for å betre tilhøva, og korleis desse tiltaka skal utførast i vassdrag kor slike miljøydande inngrep er gjennomførte eller planlagde. I Møre og Romsdal er to vassdrag valgt ut som lokaliteter for slik forsking, nemleg Hareidselva i Hareid kommune og Søya i Sunndal kommune. Denne granskingsa har blitt gjennomført som planlagt også i 1987. Det er enno for tidleg å trekke ut erfaringar frå desse granskingsane. Forsøk med utlegging av ny, og for fiskeproduksjon eigna botnmateriale, har alt synt interessante og positive resultat.

8.1 Ressurs og biotopkartlegging

Etter offentleg statistikk har fylket til saman 22130 vatn når smått og stort er medrekna. Dette utgjer eit vassdekt areal på ca 508 km². Berre frå eit fåtal av desse vatha ligg det føre kunnskap om dei fiskeribiologiske tilhøva.

I fylket er det offisielt registrert ca. 60 vassdrag som fører laks og sjøaure. Det eigentlege talet er etter det ein no kjenner til om lag 180.

Direktoratet for naturforvaltning si målsetting er òg gjeldande for forvaltinga på fylkesplan. Punkt 1 og 2 i målsettinga, som omfattar vern av livsgrunnlaget til våre ferskvassfiskeartar og det å sikre den naturlege artsrikdomen av ferskvassfisk, skal vere prioriterte oppgåver. Ein føresetnad for oppfylling av desse punkta i målsettinga er at ein kjenner til den geografiske utbreiinga til desse artane, samt at ein har ei oversikt over deira livsgrunnlag. I Møre og Romsdal er kunnskapen på desse områda sers mangefull, og det er stor trøng for å kome i gang med eit slikt registreringsarbeid. Til no har arbeidssituasjonen og bemanninga dverre ikkje gjeve høve til slikt arbeid.

8.2 Innlandsfisk/Innlandsfiske

I 1987 er ei rekkje vatn undersøkte med omsyn til hydrografi og fiskebestand. Det mest omfattande arbeidet på dette området har vore gjennomført i Sunndal kommune i regi av Sunndal fjellstyre og Sunndal innlandsfiskenemnd. Ein har dverre ikkje funne å kunne prioritere ei deltaking i denne type arbeid, men det har vore gjeve informasjon til dei som har ynskt å gjere slikt arbeid. I ei rekkje

tilfelle har det vore utlånt garn og anna naudsynt utstyr. Fylkesmannen har ofta gjennomført den detaljerte granskninga og tolking av dei innsamla data. Rapporteringa av dei framkomne opplysningane har også blitt gjennomført av fylkesmannen. I 1987 vart det publisert om lag 10 rapportar frå prøvefiske som inneheld opplysningar om korleis ein skal forvalte det einskilde fiskevatn slik at produksjonen av fisk blir størst mogleg samstundes som kvaliteten og størrelsen på fisken blir slik at denne ressursen kan betrast.

8.3 Laks- og sjøaureførande vassdrag

Den samla årlege fangst av laks i elvane i fylket er meir enn halvert (i vekt) i løpet av dei siste 10 åra. Dette trass i at statistikkgrunnlaget stadig har blitt betre. I same periode er fangstane (i vekt) av sjøaure i vassdraga gått opp. Opplysningar som vi får ved henvendingar og frå massemedia fortel om at gjennomsnittstorleiken på laksen har minka, og det kjem vidare ofte påstander om at lakseoppgangen i elvane er seinare no enn for nokre år sidan. Dersom dette er tilfelle er det urovekkjande.

Frykt for at både fangst og kultivering av laks kan medføre at ein påverkar bestanden til å bli meir seintkomande, gjer at kultiveringsinnsatsen i nokre vassdrag no har som siktemål å rette litt på desse tilhøva. Dette vil ein m.a. prøve ved å ta stamfisk monaleg tidlegare enn vanleg, og i tillegg vere meir kritisk til val av stamfisk både når det gjeld stamme og storleik.

Berre i eit fåtal vassdrag har ein registrert at forureining har hatt ein negativ innverknad på fiskeproduksjon og fiske i vassdrag.

8.4 Lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*

I 1987 vart det ikkje registrert nye vassdrag som er infiserte av lakseparasitten *G. salaris*. Derimot vart det kjent at det i nedslagsfeltet til fleire elver, m.a. Surna, Søya og Todalselva i Suradal kommune, er sett ut regnbogeaure i dammar og vatn. Det ligg føre mistanke om at denne fisken kan kome frå kultiveringsanlegg som kan ha vore infiserte av denne parasitten. Grundige prøver i dei aktuelle områda er no naudsynne for å fastslå om sjukdommen har spreidd seg. Ei tidleg påvisning av sjukdommen gjev eit betre utgangspunkt for mest mogleg riktige forvaltingsvedtak.

Påvisning av stadig nye lokalitetar kor lakseparasitten *G. salaris* finst i Møre og Romsdal, gjort i dei seinare år, den stendige trugselen om vidare spreieing av parasitten i høve til dei ressursane som har vore stilt til disposisjon for oppfølging av dette problemkomplekset, gjer at vi dverre må slå fast at vi ikkje på langt nær har kontroll med situasjonen.

Til saman er det no 19 lokalitetar i fylket kor denne parasitten førekjem eller har forekome. I landet totalt er det funne 30 slike lokalitetar.

Resultatet av parasittangrepet i elvane her i fylket har, i så nær som ei elv, synt at produksjonen av lakseungar så godt som opphøyter. Så langt ein kjenner til, er det berre lakseungane som vert angripne av denne parasitten. Dette fører til at få år etter at parasitten er komen til eit vassdrag, vil det oppfiska kvantum av

laks i elva gå sterkt attende. I fleire av dei angripne elvane i fylket er det no fare for at den lokale, stadeigne, laksestammen kan døy ut.

Batnfjordselva er den av dei G. salaris-infiserte vassdraga her i landet som har synt seg å ha eit noko anna sjukdomsbilete. Mens omtrent alle lakseungane, og da særleg dei som er ein til tre år gamle, døyr ut i dei andre infiserte elvane, så overlever forbausande mange eldre lakseungar i Batnfjordselva. Årsaka til dette er enno ikkje avklara. Fylkesmannen har teke del i ei granskning av taksonomiske og parasittologiske problem gjeldande G. salaris. Desse granskingane tok til i 1985 og vart avslutta i 1987. Eit omfattande og verdfullt materiale er innsamla regelmessig gjennom meir enn eit år. Dette materialet vil òg kunne bli nytta til granskningar av andre aspekt i problematikken kring denne parasitten. Under føresetnad av at det vert løyvt nok midlar, er det planlagt å utvide granskingane kring forholdet mellom lakseungar og lakseparasitten G. salaris i Batnfjordselva.

Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd ein handlingsplan som har som mål å utrydde G. salaris frå våre lakseelvar. Ein slik aksjon inneber ei rekke tiltak som stenging av fisketrapper, bygging av fiskesperrar i enkelte elver og rotenonbehandling. Diverre har det av økonomiske årsaker ikkje blitt høve til å følgje denne planen. Samstundes har nye utbreiingsområde for parasitten her i fylket endra den prioriteringa som planen inneheld.

Etter denne planen er det no bygd fiskesperrar i Aure-elva i Sykkylven, og fisketrappene i Usma (Sunndal kommune), Isa (Rauma kommune), Valldøla (Norddal kommune) og Korsbrekke-elva (Stranda kommune) er stenge med heimel i lov. Hausten 1986 vart det prøvd på å utrydde parasitten ved hjelp av rotenon i Korsbrekke-elva, Tafjordelva (Norrdal kommune) og i Bævra (Surnadal kommune). Kontrollar i 1987 har ikkje kunna påvise parasitten på ny i Tafjordelva eller i Korsbrekke-elva. Derimot syntet det seg at parasitten framleis finst i Bævra. Det må her presiserast at rotenonbehandlinga i Bævra hadde som hovudmål å redusere den spreiingsfaren elva representerte m.o.t. Surna.

Det var planlagt ei ny rotenonbehandling av Bævra i 1987. Det syntet seg imidlertid at tilhøva lokalt ikkje låg til rette for ei ny behandling på det aktuelle tidspunktet. Årsaka til dette er at eit settefiskanlegg har vasstilførselen sin frå elva, og dette anlegget var ikkje i stand til å skaffe seg ei alternativ vassforsyning.

Tafjordelva vart på ny rotenonbehandla hausten 1987 av den grunn at parasitten vart påvist i eit settefiskanlegg like ved elva på eit tidspunkt etter at elva var behandla.

For å kartlegge utviklinga i fiskebestandane i dei infiserte vassdraga, og for å granske om parasitten etter kvart spreier seg til nye lokalitetar, har det i 1987 vore teke prøver frå ialt 63 elvar her i fylket. Til saman er 110 prøver innsamla og bearbeidd. Sjølv om ein til ein viss grad har hatt engasjert hjelp til dette arbeidet, har aktiviteten på dette området gått ut over andre viktige oppgåver. Til dømes ligg ein diverre fortsatt langt etter med vanleg sakshandsaming.

9. VILT

9.1 Vern av viltet sine leveområde

Vi har viltkart for heile fylket, men berre om lag 25 % av informasjonen frå kart og dataskjema er lagt inn på EDB. Da EDB gjer det lettare å handtere og å bruke informasjonen, må punching av data og utsending av informasjon vere den høgast prioriterte oppgåva i tida som kjem.

Vi reknar viltkartverket for å vere det viktigaste hjelpebidlet vi har for å styrke vernet av viltet sine leveområder. Det har vore i bruk ved handsaming av arealsaker gjennom heile året. I 1987 har vi fått ut tilfredsstillande viltkart til snaut 25 % av dei aktuelle brukarane.

I eit aktuelt arealkonfliktområde har den lokale viltnemnda på grunnlag av viltkartverket og god lokalkunnskap organisert detaljerte registreringar av trekkande hjort for å gje best mogleg grunnlag for å avveie ein alvorleg konflikt.

Det har elles blitt levert bidrag til vassdragsrapportane i Samla plan for vidareføringsalternativa for Austefjordvassdraget og Bygdaelva.

9.2 Viltnemndene

1987 var eit merkeår for viltnemndene sin økonomi. Det vart rom for møtegodtgjerdssle for medlemmar og løn til sekretærar. I tillegg vart det ein del midlar til kjøp av utstyr. Det har verka udeltn positivt inn på det arbeidet som viltnemndene har gjort.

Stadig fleire av nemndene har knytt til seg sekretær, og på slutten av året vart det lyst ut stillingar som sekretærar for alle viltnemndene i fylket med tanke på engasjement frå og med første del av 1988.

Fellesmøtet for nemndene vart avvikla over to dagar i april med den beste frammeoppsatsen for slike møte fram til no. Tema på møtet var mellom anna jakttilgang og jaktinteresse i Møre og Romsdal, viltnemndene sin økonomi, sekretærordning for viltnemndene, nye reglar for erstatning for hjorteviltskader, viltkartverket og kråkefuglane si rolle i naturen.

9.3 Storviltforvalting

Etterverknadane etter den lange og harde vinteren 1985/86 er framleis tydelege. Det var særleg rådyr og hjort som dauda denne vinteren. Hjortestatistikken viser ei avskyting på 2.484 dyr 1987 mot 2.638 i 1986 og 3.394 i 1985. Avskytinga av elg har vore langt meir stabil, noko som tyder på at den harde vinteren 1985/86 ikkje hadde så mykje å seie for elg som for hjort og rådyr.

Det vil vere rett å nytte det pusterommet ein no har fått til å

hindre ein ny auke i hjortebestanden tilsvarande den vi har hatt det siste tiåret. Særleg bør ein leggje stor vekt på å spreide jakttrykket slik at bestanden vert tilpassa beitegrunnlaget og slik at skadene han gjer kjem på eit akseptabelt nivå. Ein har i første rekkje forsøkt å få til dette ved informasjonsarbeid, men også ved å gå nye vegar i jaktpolitikken.

I 1987 hadde vi eit prøveår med tidleg jakt på spissbukk av hjort i sju av kommunane her i fylket. Jaktperioden fall saman med bukkejakt på rådyr. Føremålet med denne jaktforma var å gje betre høve til å hauste riktig av hjortebestanden. Spissbukkjakta vart därleg nytta. Uttaket av spissbukk i desse prøvekommunane utgjorde berre 7 % av det totale uttaket av hanndyr på 1 1/2 år og eldre. Vi håper likevel på å få prøve spissbukkjakta også i 1988 for å få eit betre grunnlag å vurdere kva effektar denne jaktforma har på jaktuttaket.

Mange viltnemnder har kome i gang med å registrere hjort i forbindelse med overvintringsområder. Når det gjeld elg, er "sett-elg-skjema" i bruk, og vi samla i tillegg inn kjevar og kjønnsorgan frå elg skutt i dei tre viktigaste elgjaktkommunane. Alle desse dataene gjev oss bedre grunnlag for å leggje opp ein riktig forvaltingspolitikk.

Midsund kommune vart opna for rådyrjakt, delar av Norddal kommune vart opna for elgjakt og delar av Aukra kommune vart opna for hjortejakt. Minstearealet for jakt etter hjort vart endra i Aukra, Molde og Stordal kommunar, minstearealet for jakt etter elg vart endra i Halsa kommune og minstearealet for jakt etter rådyr vart endra i Halsa og Stordal kommunar.

I løpet av året har det forøvrig kome inn 4 klagesaker til behandling etter hjorteviltforskriftene.

9.4 Ålmenta sin jakttilgang

Rapport frå spørjeundersøking blant jegerar i fylket er ferdig. Den er imidlertid ikkje ferdig trykt. Det vil bli gjort 1988. Rapporten gjev eit solid grunnlag for å arbeide med dei fleste tilhøve kring ålmenta sin jakttilgang her i fylket, og har blitt brukt som grunnlag ved fleire møte med grunneigarar og jegerar i ulike samanhengar.

9.5 Rovviltforvalting

Vi fekk tildelt kr 60 000 for å arbeidet med registrering av store rovdyr og dokumentasjon av skade som freda rovvilt gjer på bufe her i fylket 1987.

Vi la mest arbeid i å oppklare tap av bufe på beite. Det resulterte i nærmere gransking av 31 kadaverfunn hvorav 2 var drept av jerv, 1 var drept av hundedyr, 8 var drept av kongeørn og 6 var daude av sjukdom/avmagring. I tillegg kjem 14 kadaver der dødsårsaka ikkje er oppklara. 7 av desse dyra er sannsynlegvis drepne av jerv. I tillegg kjem ein del meldingar om funn av kadaver som var så gamle at det ikkje var mogleg å finne ut noko om kva som hadde skjedd.

Vi har ikkje sikre meldingar om bjørn her i fylket for 1987, mens det blei observert jerv og gaupe innafor fylkets grenser. Jerveob-

servasjonane knyttar seg til Snøhetta og Ottadalen villreinområde.

Den skade som blei valda av kongeørn dreiar seg i hovudsak om eit område med tap av minst 6 kje, der det vart gjeve løyve til å felle den skadegjerande ørna.

9.6 Jegeropplæring

Ansvaret for avvikling av teorieksamen for jegerprøven er lagt til viltnemndene. Fylkesmannen stod for kunngjering av frist for oppmelding til teoretisk eksamen gjennom ei fellesannonse for heile fylket. I alt vart det avvikla teoretisk eksamen i 25 kommunar. Av dei totalt 330 kandidatane som tok eksamen var det berre 16 som strauk.

Vi har no i alt 93 instruktørar fordelt på 29 kommunar. Sjølv om nokre kommunar enda manglar autoriserte instruktørar, er likevel dekninga slik at det skulle vere mogleg å gje tilbod om jegerprøve overalt i fylket.

9.7 Lokale vilttiltak

I 1987 fekk fylket tildelt kr 285 000 til lokale vilttiltak. Av desse har fylkesmannen disponert kr 79 000 til vidareføring av viltkartverket og 40 000 til ei spørjeundersøking av jegerane i fylket.

Av midlane elles vart kr 60 000 nytta til å lage ein rapport om "Villrein og inngrep i Snøhetta" i regi av Fylkesmannen i Oppland, totalt kr 55 000 gjekk til tre ulike skytebaneanlegg mens om lag kr 24 000 gjekk til tre ulike prosjekt som angår praktisk viltstell. Elles vart det gitt omlag kr 27 000 til 8 mindre prosjekt.

A R S M E L D I N G 1987 M I L J Ø V E R N A V D E L I N G A
Vassdragssforvalting

10. VASSDRAGSFORVALTING

Arbeidsoppgåvene er vesentleg generelle vassressursspørsmål og energisaker. Arbeidsområdet hører sentralt inn under Ressursavdelinga i Miljøverndepartementet og Vassdragsdirektoratet og Energidirektoratet i NVE. Elles vil det etter kvart vere ei viktig oppgåve å gi meir plass for dei allmene vassressursinteressene i dei ulike plantypar etter plan- og bygningslova. Dette må skje i eit nært samarbeid med m.a. kommunane og fylkeskommunen, jf § 20.5.

10.1 Samla Plan for vassdrag

10.1.1 Stortingsmelding nr 63 - Stortingsmelding nr 53

Etter Stortinget si behandling av St.meld. nr 63 (1984-85) i juni 1986 var situasjonen slik for Møre og Romsdal:

| | |
|---|-----------------|
| Produksjonspotensiale i kategori I (Gr.1-5): | 1022 Gwh |
| Produksjonspotensiale i kategori II (Gr.6-8): | 96 Gwh |
| Sum | <u>1118 Gwh</u> |

Våren 1987 la Regjeringa fram ei revidert Stortingsmelding om Samla Plan for vassdrag. Dette er St.meld. nr 53 (1986-87). I denne blir både prosjekta frå St.meld. nr 63, ein del vidareføringsprosjekt og dessutan mange nye småprosjekt vurdert. Miljøverndepartementet har gitt alle prosjekta gruppe (Gr.) og dermed også kategoripllassering, men Regjerings har førebels berre tatt stilling til kategori I-prosjekta. Stortinget vil venteleg først behandle meldinga i 1988.

Ut frå St.meld. nr 53 (1986-87) ser situasjonen såleis slik ut for Møre og Romsdal:

| | |
|---|-----------------|
| Produksjonspotensiale i kategori I (Gr.1-5): | 464 Gwh |
| Produksjonspotensiale i kategori II (Gr.6-8): | 901 Gwh |
| Sum | <u>1365 Gwh</u> |

Det som har skjedd er ei sterk forskyving av prosjekt/potensiale frå kategori I (som omfattar prosjekt som kan konsesjonssøkjast) til kategori II (reserveprosjekt til etter år 2000).

Bakgrunnen for dette er Stortinget sitt ønskjemål frå juni 1986 om å få ein ny gjennomgang av prosjekt med sterkt lokal motstand, dessutan har departementet flytta prosjekta i Romsdalen, truleg ut frå tilhøvet til vidareføringsalternativa, jfr etterfølgjande oversikter.

Dei "lokalt motstand"-prosjekta frå St.meld. nr 63 som er flytta frå kategori I til kategori II i St.meld. nr 53 er:

| <u>PROSJEKT</u> | <u>KOMMUNE</u> | <u>MIDL. PROD. (GwH/år)</u> |
|-----------------|----------------|-----------------------------|
| Åmæla | Volda/Vanylven | 7 |
| Eidselva/Øye T | Norddal | 44 |
| Herjeelva | Rauma | 61 |
| Meisal | Nesset | 25 |
| Reinsvatn A | Sunndal | 47 |
| | <u>Sum</u> | <u>184 GwH</u> |

Vidare er følgjande kategori I-prosjekt flytta til kategori III:

| <u>PROSJEKT</u> | <u>KOMMUNE</u> | <u>MIDL. PROD. (GwH/år)</u> |
|-----------------------|----------------|-----------------------------|
| Eidselva A | Norddal | 19 |
| Geiranger/ovf.Tafjord | Stranda | 31 |
| Norddal/ovf.Tafjord | Norddal | 58 |
| Småvoll A | Sunndal | 1 |
| | <u>Sum</u> | <u>109 GwH</u> |

Prosjekta i Romsdalen som også er flytta frå kategori I til kategori II er:

| <u>PROSJEKT</u> | <u>KOMMUNE</u> | <u>MIDL. PROD. (GwH/år)</u> |
|-----------------|----------------|-----------------------------|
| Rauma D | Rauma | 252 |
| Bøvri C | Rauma/Lesja | 95 |
| | <u>Sum</u> | <u>347 GwH</u> |

10.1.2 Stortingsmelding nr 53 - Kategori I (Gruppe 1-5)

Etter fornemnde justeringar i høve til St.meld. nr 63 (1984-85) og klassifisering av vidareføringsalternativa og dei nye småprosjekta, viser St.meld. nr 53 (1986-87) følgjande prosjekt i kategori I frå Møre og Romsdal:

| <u>PROSJEKT</u> | <u>KOMMUNE</u> | <u>GRUPPE</u> | <u>MIDL. PROD. (GwH/år)</u> |
|-------------------|----------------|---------------|-----------------------------|
| Innfjordelva | Rauma | 2 | 65 |
| Grøa | Sunndal | 2 | 113 |
| * Framsætra | Sykylven | 2 | 14 |
| * Storfossen | Stranda | 2 | 7 |
| ■ Kilspollen/Dale | Volda | 3 | 22 |
| □ Botnaelv | " | 3 | 24 |
| Glutra | Rauma | 3 | 32 |
| Reinsvatn T | Sunndal | 3 | 16 |
| Småvoll B | " | 3 | 25 |
| * Sandå | Halsa | 3 | 32 |
| ■ Vatne | Ørsta | 4 | 22 |
| Dyrkorn | Skodje/Stordal | 4 | 41 |
| Isa | Rauma | 4 | 22 |
| * Videild | Vanylven | 4 | 15 |
| * Svendsli | Halsa | 4 | 5 |
| * Sørdalen | Vanylven | 5 | 9 |
| | | <u>Sum</u> | <u>464 GwH</u> |

* = nye Småprosjekt (utgjer til saman 82 GwH)

- konsesjonsgitt
- under konsesjonsbehandling
- forhåndsmeldt

10.1.3 Stortingsmelding nr 53 - Kategori II (Gruppe 6-8)

Ut frå det som allereie er nevnd, viser St. meld. nr 53 (1986-87) desse prosjekta i kategori II frå Møre og Romsdal:

| <u>PROSJEKT</u> | <u>KOMMUNE</u> | <u>GRUPPE</u> | <u>MIDL. PROD. (GwH/år)</u> |
|-----------------|----------------|---------------|-----------------------------|
| Tungeelv | Volda | 6 | 68 |
| Bævra | Surnadal | 6 | 12 |
| Søa-Toråa | Rindal | 6 | 16 |
| ● Rauma D | Rauma | 6 | 252 |
| ● Bøvri C | Rauma/Lesja | 6 | 95 |
| * Tenneelv | Vanylven | 6 | 10 |
| * Kjøvelv | Nesset | 6 | 14 |
| * Bjøringen | Aure | 7 | 17 |
| ● Åmåla | Vanylven | 7 | 7 |
| ● Eidselv/Øye | Norddal | 7 | 44 |
| ● Herjevatn | Rauma | 7 | 61 |
| ● Meisal | Nesset | 7 | 25 |
| ● Reinsvatn A | Sunndal | 7 | 47 |
| ○ Rauma F1 | Rauma | 7 | 580 |
| ○ Rauma E | " | 7 | 650 |
| ○ Rauma F2 | " | 7 | 624 |
| | | <u>Sum</u> | <u>901</u> |

- tidlegare kategori I-prosjekt
- * nye småprosjekt

○ vidareføringsprosjekt

I summen er berre Rauma F1 med av prosjekta i Romsdalen.

10.1.4 Stortingsmelding nr 53 - Kategori III (Gruppe 9-16)

Dei prosjektaalternativa frå Møre og Romsdal som er vist i kategori III i St.meld. nr 53 (1986-87) er desse:

| <u>PROSJEKT</u> | <u>KOMMUNE</u> | <u>GRUPPE</u> | <u>MIDL. PROD. (GwH/år)</u> |
|---------------------------|---------------------------|---------------|-----------------------------|
| ● Norddal/ovf.Tafjord | Norddal | 9 | 58 |
| Norddal A2 | " | 9 | 124 |
| Rauma C | Rauma | 9 | 831 |
| ○ Rauma F | " | 9 | 650 |
| ○ Rauma G | " | 9 | 650 |
| Fyrde | Volda | 10 | 165 |
| Bygdaelv | Stranda | 10 | 270 |
| Geiranger A | " | 10 | 141 |
| ● Geiranger/ovf. | | | |
| Tafjord | " | 10 | 31 |
| ● Eidselva A | Norddal | 10 | 19 |
| ● Småvoll A | Sunndal/Oppdal | 10 | 1 |
| * Stettevik | Skodje/Haram | 10 | 7 |
| Stigedalselva | Volda | 11 | 54 |
| Austefjord/Stigedal | " | 11 | 170 |
| Austefjord | " | 11 | 116 |
| * Osvatn | Molde/Gjemnes/ Nesset | 11 | 17 |
| Rauma A | Rauma/Lesja | 12 | 1159 |
| Rauma B | " " | 12 | 1032 |
| Solnør A/B | Ørskog/Skodje/ Vestnes | 12 | 40 |
| Norddal A1 | Norddal | 12 | 123 |
| Bakkedalen | Ørsta | 13 | 34 |
| Måna B | Rauma | 13 | 50 |
| Måna A | " | 15 | 101 |
| <u>Sum ekskl. Rauma ≈</u> | | | <u>900</u> |

- tidlegare kategori I-prosjekt
- * nye småprosjekt
- vidareføringsprosjekt

10.1.5 Vidare arbeid

Det er tatt initiativ til å få utgreidd nye alternativ for utbygging av Bygdaelva i Stranda kommune og ei revurdering av Austefjordvassdraget i Volda kommune. Vassdragsrapportane for desse vidareføringsprosjekta vil først bli ferdigstilte i 1988.

10.2 Verneplan IV

Gjennom arbeidet med dei tre første verneplanane for vassdrag er følgjande vassdrag varig verna i Møre og Romsdal:

| <u>VASSDRAG</u> | <u>KOMMUNE</u> | <u>VERNEPLAN</u> |
|-------------------|----------------|------------------|
| Bondalselva | Ørsta | I |
| Norangsvassdraget | " | I |
| Valldøla | Norddal | I |
| Ålvunda | Sunndal | I |
| Søya | Surnadal | I |
| Vesteråselva | Stranda | III |
| Stordalselva | Stordal | III |
| Istra | Rauma | III |
| Driva | Sunndal/Oppdal | III |
| Todalsvassdraget | Surnadal | III |

Arbeidet med Verneplan IV er så vidt starta opp i 1987. Etter førespurnad fra NVE og Miljøverndepartementet har difor fylkesmannen foreslått følgjande vassdrag vurdert i Verneplan IV:

| <u>VASSDRAG</u> | <u>KOMMUNE</u> |
|-----------------------------|-----------------------|
| Vedeildselva | Vanylven |
| Vågselva | Sande |
| Hildrevassdraget | Haram |
| Tennfjordvassdraget | Skodje/Haram |
| Hjelsteinelva | Vestnes |
| Stavikselva | Fræna |
| Nåsvassdraget | Eide |
| Gjelaelva | Aure |
| Fuglvågvassdraget | Smøla |
| Stigedalsvassdraget | Volda |
| Geirangervassdraget | Stranda |
| Norddalsvassdraget m/Dyrdal | Norddal |
| Solnørelva | Skodje/Ørskog/Vestnes |
| Måna | Rauma |
| Visa | Nesset |
| Osvassdraget | Molde/Gjemnes/Nesset |
| Todalselva | Aure |
| Rauma | Rauma |
| Spjelkavikelva m/Brusdalsv. | Ålesund |
| Eira m/Eikesdalsvatnet | Nesset |

Det er grunn til å rekne med at behandlinga av Verneplan IV vil ta om lag 3 år. Eit utval vil vurdere dei aktuelle vassdraga etter same mønster som ved tidlegare verneplanar. Kommunar, fylkeskommunar og andre organ vil få uttale seg til forslaget når dette ligg føre.

I 1987 har miljøvernaddelinga forøvrig utarbeidd ein rapport om naturvern- og friluftsinteressene i Valldøla (Rapport nr 7/88 ISBN 82-7430-012-2) for Direktoratet for naturforvaltning.

10.3 Anna verksemd

I samband med innrepssaker etter Vassdragslova og Vassdragsreguleringslova samt Elektrisitetslova er fylkesmannen tillagt sentrale oppgåver på regionalt nivå, fagleg og koordinerande. I 1987 har det berre vore ein kraftutbyggingssøknad (Grøa kraftverk i Sunndal) og ei storlinjesak (300 KV-linja Ørskog-Skåre), men det har vore fleire vassuttakssaker for settefiskanlegg og dessutan søknader om uttak av elvegrus og vanlege forbyggingssaker. Desse

sakene vil venteleg auke i tal når utgreiingsarbeidet til NVE/MD (Fossheimsutvalet) omkring vassdragsinngrep/allmene interesser/vassdragslova blir ferdig, truleg i 1988.

Vassdragsregisteret REGINE vart ikkje operativt i vårt fylke i 1987, som planlagt. Arbeidet vil bli forsøkt prioritert i komande år.

Med sikte på vidare skolering har vassdragsforvaltaren i løpet av året tatt del i kurs i vasskraftteknikk, hydrologi og vassdragsjuss.

11. ADMINISTRATIVE OPPLYSNINGAR

Saksmengda innanfor dei ymse fagsektorane berre aukar og aukar. I 1987 vart det i alt journalført 5916 ekspedisjonar.

Ekspedisjonane varierer frå enkle saker som går rett i arkivet til kompliserte som krev omfattande saksbehandling. Fleire ekspedisjonar er òg journalførte på same nummer. Men trass i dette gir talet på registrerte saker eit bilet på arbeidsbelastninga.

I tillegg til dei journalførte sakene er det mange interne ekspedisjonar der miljøvernnavdelinga avgir uttale til andre avdelingar - særleg gjeld dette kommunebudsjetta.

11.1 Personale

Pr 01.01.88 hadde miljøvernnavdelinga desse tilsette:

| | |
|--------------------|-------------------------------|
| Miljøvernleiar | Kolbjørn Megård (vikar) |
| Fylkesingeniør | Per Fredrik Brun (fungerande) |
| Overingeniør | |
| Avd. ing. | Ivar Mork-Grevsnes |
| Avd. ing. | Ole Betten |
| Naturverninspektør | Harald Ørsahl |
| Naturvernonsulent | Alv Ottar Folkestad |
| Naturvernonsulent | Kjell Lyse |
| Viltforvaltar | Asbjørn Børset |
| Fiskeforvaltar | Trond Haukebø |
| Vassdragsforvaltar | Oddvar Moen |

Konsulent Aase Hegnes arbeider òg full tid i avdelinga. Løna hennar er betalt av Møre og Romsdal fylkeskommune som er hennar formelle arbeidsgjevar. Fylkeskommunen får løna refundert av Miljøverndepartementet. Men no har ho sagt opp stillinga si - siste arbeidsdagen hennar blir 17. februar 1988.

Kontorpersonalet til avdelinga er:

| | |
|-------------------------|---------------------------------|
| Førstesekretær | Aslaug Magerøy Grimstad (vikar) |
| Førstekontorfullmekting | Synnøve Ulleland Hoel " |

Dei er løna over Justisdepartementet sitt budsjett.

I 1987 var det i miljøvernnavdelinga utført om lag 4 årsverk av engasjert personale. Desse 4 årsverka saman med dei 11 faste stillingane og konsulent Aase Hegnes utgjer 16 årsverk med fagarbeid. I tillegg kjem 2 kontorstillingar = 18 årsverk.

11.2 Rekneskap 1987

I 1987 er løyvingane over kap 1406 i statsbudsjettet brukt slik:

| | |
|-----------------------------------|--------------|
| 01.1 Løn til faste medarbeidrarar | kr 2.151.600 |
| 01.2 Løn til ekstrahjelp | " 67.200 |
| Samla løn | kr 2.218.800 |

| | |
|---------------------------------|------------|
| 11.1 Maskiner, inventar, utstyr | kr 59.000 |
| 11.2 Forbruksmateriell | " 400 |
| 11.3 Reiser | " 517.000 |
| 11.4 Kontortenester | " 17.900 |
| 11.5 Analysekostnader | " |
| 11.6 Konsulentbistand | " 136.600 |
| 11.7 Drift av maskiner | " |
| 11.9 Bygningers drift, lokaleie | " 110.200 |
| Samla varer og tenester | kr 841.100 |

I alt tilvist på kap 1406 kr 3.059.100

Løyvingane over kap 1422 i statsbudsjettet er brukt slik:

| | |
|---|-----------|
| 21.2 Reduksjon av spredningsfarene for laksepara- | |
| sitten Gyrodactylus salaris fra Bøvra | kr 50.000 |

Løyvingane over kap 1427 i statsbudsjettet er brukt slik:

| | |
|---|--------------------|
| 01.9 Løn oppsynspersonell | kr 133.900 |
| 11.5 Varer og tenester oppsyn | " 77.850 |
| 21 Verneplaner, EDNA/FRIDA, | |
| truga arter | kr 219.443 |
| Jegerprøven | " 10.438 |
| Verneplan IV for vassdrag | " 45.103 " 274.984 |
| 30.2 Erstatninger etter naturvernloven | " 498.736 |
| 31.1 Naturverntiltak | " 75.500 |
| 31.2 Friluftstiltak | " 320.000 |
| 60 Planl. opparb. vedlikehold friluftsområder | " 340.000 |
| 71.1 Viltnevndene | " 583.233 |
| 71.2 Erstatninger/forebygg. tiltak hjorteviltskader | " 140.000 |
| 71.4 Lokale vilttiltak | " 284.915 |
| 71.5 Bestandsregistrering/skadedok. rovvilt | " 61.435 |
| I alt tilvist på kap 1427: | kr 2.790.553 |

Løyvingane over kap 1448 i statsbudsjettet er brukt slik:

| | |
|---------------------------------------|------------|
| 63 Slamprosjekt - planleggingstilskot | kr 160.000 |
|---------------------------------------|------------|

Løyvingane over kap 1450 i statsbudsjettet er brukt slik:

| | | |
|-----------------------|----|--------|
| 11.6 LENKA-prosjektet | kr | 50.709 |
| 11.6 Samlet plan | " | 34.845 |
| | kr | 85.554 |

I tillegg har miljøvernadelinga i 1987 fått overført desse pengane for ymse prosjekt og særoppgåver:

| FRÅ: | FORMÅL: | BELØP: |
|---|--|------------|
| Direktoratet for naturforvaltning | Gyrodactylusovervaking | kr 235.000 |
| Direktoratet for naturforvaltning | Utgifter til jegerprøven | " 13.106 |
| Statens forureiningstilsyn | Overvaking vassdrag og fjordar i Møre og Romsdal | " 169.807 |
| Helsedirektoratet | Overvaking radioaktivitet i næringsmiddel | " 120.000 |
| | | kr 537.913 |
| Samandrag: | | |
| kap 1406 | kr 3.059.100 | |
| kap 1422 | " 50.000 | |
| kap 1427 | " 2.790.553 | |
| kap 1448 | " 160.000 | |
| kap 1450 | " 85.554 | |
| Overføringer i form av posteringsfullmakter | " 537.913 | |
| Brukte midlar til saman i 1987: | kr 6.683.120 | |

PUBLIKASJONAR FRÅ FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, MILJØVERNNAVDELINGA

1985:

1. Program for overvaking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1984-88
2. Rapport om forundersøkingar av konsekvensar ved oljeboring på Møre I. Natur- og miljøvern.
3. Prøvefiske med kavelflytende garn, makrellgarn og laksegarn, med maskestørrelser henholdsvis 37-45 mm og 58 mm, i Møre og Romsdal 1984
4. Årsmelding for Miljøvernnavdelinga 1984
5. Silokontrollen 1984
6. Overvintrande sjøfugl i risikoområdet for oljeboring på Møre I. Supplement til rapport om forundersøkingar av konsekvensar ved oljeboring på Møre I. Natur- og miljøvern
7. Særlege reguleringer av laksefisket i Møre og Romsdal i 1984 og 1985. Erfaringer av reguleringene i 1984
8. Mellombels utkast til verneplan for myrar. Møre og Romsdal
9. Sjøfuglundersøkingar i Møre og Romsdal sommaren 1985

1986:

1. Myrområde med regional og lokal verneverdi
2. Prøvefiske med kavelflytende makrellgarn og laksegarn i Møre og Romsdal 1985
3. Årsmelding for Miljøvernnavdelinga 1985
4. Laks- og sjøørretfisket med faststående redskap og dorg i Møre og Romsdal. En fangstdagbokundersøkelse i 1984 og 1985
5. Nåsvatnet i Eide kommune. Prøvefiske 1983
6. Særlege reguleringer av laksefisket i Møre og Romsdal i 1984 og 1985. Sluttrapport.
7. Overvaking av fjordar og vassdrag i Møre og Romsdal 1983-1985
(ISBN 82-7430-000-9)

1987:

1. Langtidsplan for miljøvernnavdelinga for perioden 1987 - 1990
(ISBN 82-7430-001-7)
2. Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal i 1983, 1984 og 1985 (ISBN 82-7430-003-3)
3. Årsmelding for miljøvernnavdelinga 1986 (ISBN 82-7430-002-5)
4. Vassnebbvatnet og Lauvåvatnet, Surnadal kommune. Prøvefiske 1983.
(ISBN 82-7430-004-1)

1988:

1. Prøvefiske i Kilstivatnet, Norddal kommune 1984
(ISBN 82-7430-006-8)
2. Prøvefiske i Andestadvatnet, Sykkylven kommune 1986
(ISBN 82-7430-007-6)
3. Varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden
(ISBN 82-7430-008-4)
4. Prøvefiske i Gravdalsvatnet, Nesset kommune 1987
(ISBN 82-7430-009-2)
5. Prøvefiske i Kjerringnesvatnet, Ulstein kommune 1987
(ISBN 82-7430-010-6)
6. Handlingsplan for tiltak i Gyrodactylus salaris-infiserte vassdrag i Indre Romsdal (ISBN 82-7430-011-4)
7. 108 VALLDØLA - Naturvern- og friluftslivsinteresser i nedbørsfeltet
(ISBN 82-7430-012-2)
8. Prøvefiske Sunndal Statsalmennning - rapport nr. 3
(ISBN 82-7430-014-9)
9. Årsmelding for miljøvernnavdelinga 1987 (ISBN 82-7430-016-5)
10. Landbrukskontrollen 1985-1988 (ISBN 82-7430-017-3)
11. Undersøkelser vedrørende lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal i 1986 og 1987 - del Sunnmøre (ISBN 82-7430-015-7)